

STORTINGSDEBATT:

**Innstilling frå kyrkje-, utdannings- og forskningskomiteen
om folkehøgskolen og utdanningssamfunnet**

KRISTEN
FOLKEHØGSKOLE

FOLKE
høgskolen
UTGITT AV NORSK FOLKEHØGSKOLELAG

Folkehøgskolen

Utgitt av Norsk Folkehøgskolelag

REDAKTØR:

Liv Anne Olsen
Kjøberggt. 18,
0653 Oslo
Tlf.: 22 68 43 99
livanne@info-folkehogskolen.no

Kjem ut kvar måned, unntake juli og august. Frist for innlevering av stoff: Den 1. utgjevingsmånaden.

ISSN 0333-0206

PRENTING:

Odda Trykkeri AS
Postboks 253, 5751 Odda
Tlf.: 53 64 34 44 – Fax: 53 64 41 03

Bladpenger: Kr. 120,-
Lysningspris: Kr. 3,-/spalte m.m.

NORSK FOLKEHØGSKOLELAG

Karl Johansgt. 12, 0154 Oslo
Tlf.: 22 41 66 75 – Fax: 22 41 52 68
Bankgiro: 8101.34.46466
Postgiro: 0807 5323175
admin@info-folkehogskolen.no

Leiar: Arild Mikkelsen
Stevning 20, 3320 Vestfossen
Tlf.: 32 75 77 27

Nestleiar: Bjørg Garvik
Utgarden Folkehøgskule,
Pb. 264, 4251 Kopervik

Sekretar: Bjørn O. Nicolaisen
Namdals Folkehøgskule, 7870 Grong

Styremedlem: Sissel Midtlid
Møre Folkehøgskule, 6150 Ørsta

Styremedlem: Svein H. Sørensen
Svanvik Folkehøgskole, 9925 Svanvik

1. varamedl.: Annelise Kruttsen
Skjeberg Folkehøgskole,
1747 Skjeberg

Dagleg leiar: Dag Wollebæk
3350 Gol – Tlf.: 32 07 48 62

INFORMASJONSKONTORET FOR FOLKEHØGSKOLEN

Karl Johansgt. 12, 0154 Oslo
tlf.: 22 41 66 75 – fax: 22 41 52 68
Bankgiro: 1609.13.121335
Postgiro: 0809 3109857
Informasjonssjef: Tone Mørkved
tone@info-folkehogskolen.no

Blader merket  er medlem av
Den Norske Fagpresses Forening

fagpressen 

Redaktøren har ordet:

Framtida blir ikkje vedtatt – ho blir skapt!

Bladet du no held i handa, inneheld drøftingane på Stortinget då innstillinga frå kyrkje-, utdannings- og forskningskomitéen om folkehøgskolen og utdanningssamfunnet vart lagt fram for Stortinget 14. januar 1997. I tre og ein halv time vart folkehøgskolen og skoleslaget si plassering i framtidens utdanningssamfunn drøfta. Leiinga i NF og NKF vil at så mange som mogleg av medlemmar, lærarar og venner av skoleslaget skal få høve til å bli kjend med kva som ble sagt frå Stortingets talerstol. Vedtaka kjenner alle, mens drøftingane inneheld premissane for vedtaka. Dei inneheld politikkane sine tankar om og forventningar til skoleslaget. Derfor dette fellesprosjekt med å gje ut debatten som eit eige blad. Sjølv var eg til stades denne historiske dagen. Eg rår alle å lese det eg meiner er eit historisk dokument om skoleslaget.

Folkehøgskolen har fått mykje omtale og ein slags fornya interesse gjer seg gjeldande denne vinteren. Allereie no kjem meldingar om at skolar har ventelister. Det er flott. Meldingar tyder på at særleg vedtaket om stipend til 19-åringer gjer utslag og er vesentleg for val av eit folkehøgskoleår.

Media og dei akademiske miljøa har vært meir opptatt av dei tre konkurransepoenga eit folkehøgskoleår vil gje i framtida. Folkehøgskolefolk har vore aktive i debatten og understreka at folkehøgskolen har fått poeng for å vere folkehøgskole – for å vere ubunden frå pensum- og eksamenskrav, for å vere ein allmenndannande skole som står i ein folkeopplysningstradisjon og som har som mål og mening å leggja forholda til rettes for utvikling av det heile menneske.

Mange vil følgje skoleslaget med argusauge i tida framover. Faren er at folkehøgskolefolk blir så opptatt av poeng og peng i marknadsføringstiltaka, at innhaldet forsvinn. Da må vi rope varsku og vere open for alvorleg sjølvkritikk. Folkehøgskolen i seg sjølv må vere hovudmotiveringa – det andre er ei tilleggssak.

I FIN-katalogen les eg fleire stader om: – førebuaende prøver, undervisning på høgskolenivå, fjernundervisning og moglegheit til å ta eksamen på universitet og høgskolar, lesesalar, folkehøgskole for dei som har fullført vidaregåande skole osv. Til dømes står det i avisa til Danvik folkehøgskole, at medieutdanninga frå Danvik gjev høve til å ta eksamen på ti vektall på NTNU i Trondheim eller Høgskolen på Notodden. Disse ti vektalla gjev eit ekstra konkurransepoeng. Der framstiller ein eit år på folkehøgskole som eit viktig utdanningsår som er meir innbringande når det gjeld konkurransepoeng enn noko anna.

Dette er ein farleg tendens. Les kva politikkane har sagt om folkehøgskolen og framtida. Det rimar ikkje, og er redd nokre skolar grev ei grav – ikkje berre for seg sjølve, men også undergrev heile grunnlaget for vedtaka i Stortinget ved ei slik framstilling.

Framtida blir ikkje vedtatt, ho blir skapt!

Kristen Folkehøgskole

Utgitt av Noregs Kristelege
Folkehøgskolelag
Gråkamveien 10 A
0386 Oslo
Telefon: 22 49 19 40
Telefaks: 22 49 00 54

Utgivelse: 10 nr. i året
Stoff- og annonsefrist:
8. den måneden bladet
kommer ut.

Redaksjonsråd

Morten Serkland, Grenland
Per Øistein Rogstad, Kvås
Stine C. Bjerkestrand, IKF

Grafisk formgiver

Indre Smaalenenes Trykkeri

Trykkeri

Indre Smaalenenes Trykkeri
Pennestrøket 17, 1850 Mysen
Tlf.: 69 89 83 00

Abonnement

Informasjonskontor
for kristen folkehøgskole
Bladpenger: kr. 100,-

Annonser

Postgiro: 0805 54 65 224
Helside: kr. 1.900,-
Halvside: kr. 1.000,-
Pris pr. mm: kr. 3,-
Halv pris for stillingsannonser

Noregs Kristelege Folkehøgskolelag

Styret:

ANNA TØRSET (LEDER)
Rødde, 7084 Melhus
NORMANN AARSET
Sunnfjord, 6800 Førde
VIDAR FJELDSTAD
Jeløy, 1516 Moss
TORBJØRN NORDVOLL
Bakketun, 7650 Verdal
LILL HELENE TAGHOLDT
Lundheim, 4460 Moi

Sekretariat:

TOR GRØNVIK
daglig leder
STINE C. BJERKESTRAND
informasjonssekretær
JOHAN SMIT,
økonomisekretær
ANNE BERIT BERGE IMS
organisasjonssekretær
HELGE VATNE
pedagogisk konsulent
HILDE HAUGEN
kontorsekretær
ARILD BØE
konsulent og redaktør

Stortinget ønsker folkehøgskolen – også i framtida

Det var som å ha bestått muntlig eksamen, var en av kommentarene etter Stortingsdebatten etter at Kirke-, utdannings- og forskningskomiteen hadde lagt fram sin innstilling om folkehøgskolen og utdanningsamfunnet den 14. januar i år.

Selve debatten er omtalt i forrige nummer av Kristen Folkehøgskole og hadde overskriften «Stortinget ønsker folkehøgskolen».

I denne debatten fikk alle de politiske partiene si sin mening om folkehøgskolen og at det var mye «godord» å høre bekrefter bare den stilling folkehøgskolen egentlig har både ute blant folk og i de politiske kretser. Men levevilkårene for folkehøgskolen har vært så som så en periode. Mange skoler har slitt med synkende elevtall og dertil dårligere økonomi. Skoler er blitt lagt ned, tatt en pause eller blitt videregående skoler. Siden 1975 er fem skoler opprettet og 11 nedlagt. Disse signalene tydet på at folkehøgskolen sto ved et veiskille. Folkehøgskolen ga ingenting rent formelt for videre skolegang. Dens plass i det norske utdanningsbildet har vært uklar. Dette har folkehøgskolen sett i mange år, men nå har også politikerne sett det.


Nå ser det ut til at skoleslaget igjen kan komme inn i varmen. Folkehøgskolen har ikke bare «bestått eksamen», den fikk beste karakter. Stortinget ga folkehøgskolen tre konkurransepoeng og rett til utvidet minstestipend til de er 20 år. At dette har hatt stor betydning, har vi allerede fått bekreftet denne våren. Flere skoler kan melde om både tre og fire ganger så stor interesse som i fjor. Men – som også nevnt i forrige utgave av «Kristen Folkehøgskole» – kanskje var det Stortingets omtale av folkehøgskolen som varmet mest. Det betyr at Stortinget fremdeles ønsker folkehøgskolen, også for framtiden. Men som flere representanter understreket – poengene får folkehøgskolen for det arbeidet som allerede gjøres. Folkehøgskolen må nå sørge for at de ikke satser på kortvarige gevinster ved å bli noe annet enn det de er.

NF og NKF har valgt å gi ut et fellesnummer av «Folkehøgskolen» og «Kristen Folkehøgskole» ved å gjengi hele stortingsdebatten. Dette bør alle som arbeider i folkehøgskolen og de som ellers er glad i dette skoleslaget unne seg å lese. Fordi her får vi de politiske partienes egne ord på folkehøgskolens betydning i samfunnet, og fordi folkehøgskolen selv kan lære litt om sin egen rolle i

Redaktør: Arild Bøe

Møte i Stortinget 14. januar 1997

PRESIDENT EDVARD GRIMSTAD



Sak nr. 1

Innstilling frå kyrkje-, utdannings- og forskningskomiteen om folkehøgskolen og utdanningssamfunnet
(Innst. S. nr. 91, jf. St.meld nr. 51 for 1995-96)

Presidenten: Etter ønske fra kirke-, utdannings- og forskningskomiteen vil presidenten foreslå at debatten blir begrenset til 1 time og 55 minutter, og at taletiden blir fordelt slik på gruppene:

Arbeiderpartiet 40 minutter, Senterpartiet 20 minutter, Høyre 20 minutter, Sosialistisk Venstreparti 10 minutter, Kristelig Folkeparti 10 minutter, Fremskrittspartiet 5 minutter, Venstre 5 minutter og Rød Valgallianse 5 minutter. I tillegg foreslår presidenten at en av de uavhengige representantene får en taletid på inntil 5 minutter.

Videre vil presidenten foreslå at det blir gitt høve til replikkordskifte på inntil tre replikker med svar etter innlegg av hovedtalerne fra hver gruppe og etter innlegg fra medlemmer av Regjeringen.

Videre vil det bli foreslått at de som måtte tegne seg på talerlisten utover den fordelte taletid, får en taletid på inntil 3 minutter.

– Dette anses vedtatt.

Trond Mathisen (A) (ordfører for saken): Jeg vil starte med å gi ros til komiteens medlemmer for grundig og ryddig arbeid i forbindelse med behandlingen av St. meld. nr. 51 for 1995-96 Om folkehøgskoler og utdanningssamfunnet.

For Arbeiderpartiet og for komi-



Folkehøgskolen drøftes i Stortinget.

teens flertall har det vært avgjørende for utfallet i behandlingen av denne saken at folkehøgskolen fremdeles skal være en selvstendig, ubundet og eksamensfri skole. Her vil jeg få understreke essensen i folkehøgskolens idé: Tilegning av folkelige forbilder og erfaringer, hverdagsmenneskenes kyndighet og ytelser i en pensumfri og eksamensfri skole, der hver skole kan ha sine egne særtrekk.

Folkehøgskolene er en verdiskole som skaper bevisste holdninger til viktige spørsmål for liv og samfunn, samtidig med at den informerer og gir kunnskap. Folkehøgskolene tar ofte opp oppgaver på områder der det er behov for nyorientering og politisk handling nasjonalt og internasjonalt. På den måten gir folkehøgskolen unge mennesker fast grunn under føtterne og styrker det demokratiske arbeidet i samfunnet.

Folkehøgskolene skal stå fram

som en egen søyle i utdanningssamfunnet. Folkehøgskolen skal ikke inngå i et studieløp, men den skal være en mer generell livsforbereder. Modellen med folkehøgskolen som et selvstendig, ubundet opplæringstilbud er den mo-



Trond Mathisen, saksordfører.

dellen som best sikrer at folkehøyskolen med sin særmerkede tradisjon – har den plassen den bør ha i norsk utdanning i framtida.

Folkehøyskolebevegelsen startet i Danmark, som fikk sin første folkehøyskole i 1844. Presten, dikteren, historikeren og skolemannen Nikolai Frederik Grundtvig formulerte mye av idégrunnlaget gjennom sine pedagogiske skrifter. Også her i landet har vi lange tradisjoner for denne type skoler. Den første skolen ble startet på Hamar i 1864, og i 1949 fikk vi den første lovhjemmelen for folkehøyskoler.

Siden dagens lov om folkehøyskoler kom i 1984, har det skjedd store endringer i utdannings- og opplæringssektoren. Viktige stikord i den forbindelse er innføringen av Reform 94 med lovfestet rett til videregående opplæring for ungdom mellom 16 og 19 år, og opprettelse av 54 000 nye studie-plasser i høyere utdanning siden 1990. Rekrutteringsgrunnlaget til folkehøyskolene er etter hvert utvidet, og alderen på elevene har økt, slik at de fleste nå er over 19 år. Elevtallet på folkehøyskolene har vært vekslende, med en viss nedgang de siste årene, men med store forskjeller mellom skolene. Det er i stortingsmeldingen pekt på svingninger i rekrutteringen til folkehøyskolene, og at tilbudet i dag er større enn etterspørselen.

Folkehøyskolens plass i det framtidige utdanningssystemet må vurderes i lys av utdanningsreformene i videregående opplæring og høyere utdanning, og framtidige ordninger for etter- og videreutdanning for voksne. Men jeg vil understreke at det er folkehøyskolenes oppgave å tilpasse seg disse mulighetene og utfordringene.

Det er en utfordring for folkehøyskolene å videreutvikle innholdet og strukturen i kurstilbudene i samsvar med mål og intensjoner for skoleslaget og utdanningsbehovet hos unge og voksne.

Det var i Budsjett-innst. S. nr. 12 for 1995-96 at flertallet i kirke-, utdannings- og forskningskomiteen,

alle unntatt Arbeiderpartiet, fremmet følgende forslag:

«Stortinget ber Regjeringa legge fram ei eiga melding i vårsesjonen 1996, med sikte på å avklare folkehøgskulane sin plass i utdannings-systemet».

Dette forslaget ble vedtatt.

Arbeiderpartiet mente det ville være riktig at folkehøyskolens framtid ble drøftet i forbindelse med en egen sak om voksenopplæring, og støttet av den grunn ikke flertallsforslaget. Jeg vil likevel understreke at folkehøyskolenes pedagogiske virkefelt – som omfatter bredere aldersgrupper, fra ungdom i tenårene til pensjonister – gjør det naturlig også å komme tilbake til folkehøyskolenes framtid i forbindelse med egen sak om voksenopplæring. Folkehøyskolene har både fysiske ressurser i form av bygninger og utstyr, og personlige ressurser å tilby i form av personale med fagkunnskap og livserfaring. I forbindelse med økt vekt på etter- og videreutdanning må folkehøyskolene være åpne for samarbeid med andre aktører på samme felt og slik kunne inngå som en del av det koordinerte tilbudet i regionen.

I komiteens arbeid med stortingsmeldingen om folkehøyskolen og utdanningssamfunnet har fire spørsmål stått særlig sentralt:

- Spørsmålet om vekting av kortkurs: Skal kortkurselevne fortsatt bli omregnet til helårselever? Komiteens flertall går inn for å opprettholde dagens ordning med ekstravekting av kortkurs.
- Minimumsgrense for offentlig tilskudd: Skal denne grensen heves fra 35 til 50 elever? Komiteens flertall går inn for at grensen fortsatt skal være 35 elever i gjennomsnitt de siste fire årene.
- Stipend for 19-åringer: Skal elever som har fullført videregående opplæring før de starter på folkehøyskole, få utvidet minstestipend? Her vil jeg vise til det innlegget representanten Tomas Norvoll senere vil holde.
- Og ikke minst kompetansespørsmålet: Skal et folkehøyskoleår gi

uttelling i form av konkurransepoeng?

Jeg vil bruke litt tid på kompetansespørsmålet.

Departementet sier i meldingen at en ikke bør gjeninnføre ordninger med tilleggs-poeng for tidligere utdanning ved inntak til bl.a. høyere utdanning.

Arbeiderpartiets medlemmer i komiteen tok i sine drøftinger utgangspunkt i spørsmålet: Hvordan kan vi opprettholde folkehøyskoleslaget som et tilbud for dem som nettopp ønsker et pensumfritt og eksamensfritt læreår? Vi var redde for at dersom man gikk inn for å «redde» skoleslaget ved å innføre konkurransepoeng, ville vi samtidig endre både typen elever som rekrutteres, og måten skoleslaget fungerer på.

Vi var også redde for at vi ved å åpne for konkurransepoeng her, ville komme tilbake til den situasjonen vi hadde før 1992, da det ble innført felles regler for opptak ved regionale høyskoler, en situasjon med et villniss av tilleggs-poeng som gjorde det vanskelig for søkere å skaffe seg oversikt over mulighetene innen høyere utdanning, og som umuliggjorde felles regler for opptak ved regionale høyskoler.

Når Arbeiderpartiet til slutt konkluderer med at det er riktig å gi folkehøyskolene konkurransepoeng, er det med den viktige forutsetning at hele situasjonen med konkurransepoeng og spesiell studiekompetanse skal gjennomgå og vurderes og legges fram som egen sak for Stortinget. En slik gjennomgang vil gi Stortinget mulighet til å se på spørsmålet i en helhet. Slik Arbeiderpartiet ser det, vil det da være viktig at gjennomgangen har som målsetting at ordningen med tilleggs-poeng begrenses. For hvis Stortinget til stadighet utvider poengordningen, forsvinner hele poenget med poeng. Da blir det ikke lenger et konkurransefortrinn.

Et folkehøyskoleår gir større utbytte i form av modenhet, faglig og sosial kompetanse – egenska-

per som næringslivet og samfunnet for øvrig etterspør – enn det et år med «drilling» av fag fra videregående skole for å forbedre karakterer fra allerede gjennomgått skolegang vil gi. Arbeiderpartiet ser derfor positivt på at ungdom etter Stortingets behandling av Innst. S. nr. 91 for 1996-97 kan velge et år på folkehøgskole framfor forbedring av enkeltkarakterer og studier på høyere nivå for å skaffe seg ekstra konkurransepoeng.

Jeg vil avslutte med å si at folkehøgskolen lever så lenge det er mennesker som har tro på skoleslaget. At unge nå kan få konkurransepoeng for et år på en pensumfri og eksamensfri skole, vil gi folkehøgskolene mulighet til økt rekruttering.

Nå er det opp til den enkelte folkehøgskole å utnytte denne situasjonen. Men jeg understreker: Konkurransespoeng alene er i seg selv ingen løsning på ønsket om økt rekruttering til dette skoleslaget. Folkehøgskolene må slik jeg ser det søke sin framtid i sin fortid: i det som er dette skoleslagets spesielle tradisjon og særegne identitet.

Med dette anbefaler jeg komiteens innstilling, med unntak av vedtak V, som Arbeiderpartiet stemmer mot.

Presidenten: Det blir replikkordskifte.

Jørgen Holte (Sp): Eit stort fleirtal gir i innstillinga uttrykk for at det er viktig å legge til rette for funksjonshemma elevar i folkehøgskulane, og at dette er eit viktig tiltak for å integrere desse. Ein ber vidare om at departementet vidarefører eksisterande økonomiske ordning slik at desse skulane kan gi funksjonshemma elevar tilpassa tilbod.

Vi er kjende med at vi har fire skular – Lundheim, Peder Morset, Soltun og Ål som gir eit sånt tilbod. Komiteen har på si reise vore innom ein av desse, og Trond Mathisen og eg har òg vore på Peder Morset og sett på det gode tilbodet som ligg til rette der.

Det er viktig at ein er i stand til å legge til rette for funksjonshemma elevar. Det er m.a. gjort mogleg ved at ein funksjonshemma elev tel som to, og at det er gitt forskrifter om det. Det er opplagt at dei auka ressursane som skulane får, skal kome dei til del som treng eit slikt tilbod. Det er klart at dette med å dokumentere behov, å dokumentere funksjonshemmingar, skal vere anonymt, òg opplysningar om korleis desse ekstra ressursane skal utnyttast osv. Derfor er det viktig i dag å gi til kjenne at det er nødvendig at eksisterande ordning blir vidareført. Mitt spørsmål til Trond Mathisen er: Vil Trond Mathisen og Arbeiderpartiet arbeide for at vi kan vidareføre eit slikt tilbod, og at det ikkje blir lagt unødige hindringar i vegen for skular som har kapasitet og kompetanse når det gjeld slike tilbod?

Trond Mathisen (A): Representanten Holte er inne på de funksjonshemmedes situasjon i folkehøgskolesystemet. Min erfaring på reisene, i likhet med representantens, er at ikke bare de funksjonshemmede for egen del har en stor nytte av å gå på folkehøgskole, men absolutt også medelevene, som kanskje er de som trekker størst erfaring og nytte nettopp av denne integreringen.

Så spørsmålet om den økonomiske siden: I meldingen fra departementet står det helt klart at man skal legge til rette for at folkehøgskolene skal ha en økonomi for å kunne drive slik man ønsker, og i det legger jeg også at man skal ta høyde for at man også når det gjelder funksjonshemmede, skal kunne fortsette slik man har drevet i dag.

Jon Lilletun (KrF): Fyrst vil eg gjerne rose saksordførar Trond Mathisen for den ryddige måten han har ført saka fram til et resultat på, og for at han har bringa Arbeiderpartiet inn på rett spor på dei fleste av dei punkta som det har stått mykje diskusjon om.

Så to konkrete spørsmål.

Det fyrste gjeld det punktet som Arbeiderpartiet ikkje fylgjer med på. Då vi behandla meldinga om studiefinansiering, var det ein stort sett samla komite som gjekk inn for at bortebruarstipendet skulle gjelde òg i folkehøgskulen året etter at ein var ferdig med vidaregåande skule – altså opp til 20 år, slik som fleirtalet no går inn for. Det var òg Arbeiderpartiet med på den gongen. I meldinga har ein ikkje teke opp igjen det spørsmålet, og heller ikkje i innstillinga er Arbeiderpartiet med på det punktet. Kva er det som har endra seg som gjer at ein no ikkje vil følgje med på det punktet, i og med at ein opphavleg såg dette behovet? Det var det fyrste spørsmålet.

Det andre spørsmålet er knytt til det som representanten Holte tok opp. Det er fint at ein vil vidareføre ordninga, men det er òg kjent at ein i det siste har hatt problem med å få dokumentert funksjonshemming. Det viser seg at sidan folkehøgskulen ikkje pr. definisjon er kompetansegevande utdanning, har ein vanskeleg for å få ut opplysningar frå skulepsykologisk teneste osv., og dermed har det på ein måte vore vanskeleg å få godtgjort i departementet kven som er funksjonshemma og kven som ikkje er. Vil representanten Mathisen vere einig i at det er nødvendig å få forbetra akkurat den ordninga?

Trond Mathisen (A): Når man diskuterer stipendordningen, er det to hovedgrunner til at Arbeiderpartiet ikke vil være med på å gi utvidet minstestipend til fylte 20 år. Dette vil være en bedre ordning enn både videregående skoleelver og studenter i høyere utdanning får. Jeg understreker: Arbeiderpartiet har programfestet at vi skal fullfinansiere videregående opplæring først. Og det viktigste: Vi er opptatt av at folkehøgskolen skal være et selvstendig skoleslag, hvor utvikling og allmenndanning skal stå i sentrum. Gjennom å gjø-

re det økonomisk mer lukrativt å gå på folkehøgskole enn å ta høyere utdanning eller andre ting, risikerer vi å få elever som går på folkehøgskole først og fremst for å få poeng, ikke fordi de vil bruke folkehøgskoletradisjonen til å utvikle seg. En slik utvikling kan på sikt undergrave skoleslagets berettigelse.

Så til det andre spørsmålet. I tillegg til det jeg svarte representanten Holte, skal jeg love Jon Lilletun at med den kontakten jeg har til departementet og Regjeringen, skal jeg ta med synspunktene han har lagt fram, og se på det han påpeker som kan være et problem, dette med å dokumentere funksjonshemming.

Øystein Djupedal (SV): Det var representanten Mathisens siste svar som gjorde at jeg nå tar replikk, for hans svar var meget lite tilfredsstillende.

Mener Arbeiderpartiet at det skal foregå en forskjellsbehandling mellom dem som tar folkehøgskole midt i et videregående utdanningsløp, og dem som velger å ta den etterpå? Det Arbeiderpartiet tidligere har vært med på, er at det har vært en urimelighet i forskriftene til lånekassen, som Stortinget nå har ønsket å rette opp. Arbeiderpartiet var i sin tid med på å rette opp denne urimeligheten, men har altså i dagens innstilling valgt å gå bort fra det – antakelig fordi det koster penger, men det har altså ikke Mathisen begrunnet det med, han har begrunnet det ut fra et mer ideologisk ståsted. Han sier også at en slik stipendordning for de elevene som velger å ta folkehøgskole etter et videregående utdanningsløp, kunne undergrave det selvstendige ved folkehøgskolen som skoleslag. Det har jeg også svært vanskelig for å se. Finnes det noen forskjell i prinsipiell begrunnelse mellom å ta folkehøgskole etter videregående skole og eventuelt før eller under? Jeg antar at det Mathisen tenker på, er at Arbeiderpartiet er redd for at folkehøgsko-

len i større grad nå skal rekruttere ungdom som ønsker å komme videre på et høyere utdanningsløp, og at de dermed går på folkehøgskole for å få de tre konkurransepoengene som Stortinget i dag vil gi dem.

Da må jeg få lov til å spørre Mathisen: Hvis en medisinier mangler noen poeng, ville det ikke på mange måter være et bedre alternativ, istedenfor å gå på privatskole f.eks. her i Oslo og forbedre sine karakterer og påføre seg selv stor gjeld og være ødslende både for samfunnet og den enkelte, å gå på folkehøgskole et år – en allmenndannende, pensumfri og eksamensfri folkehøgskole som sannsynligvis vil gi dem en viktig ballast i den høyere utdanningen de senere skal begynne på?

Trond Mathisen (A): Jeg vil igjen vise til at vi har programfestet at vi skal fullfinansiere videregående opplæring først. Det er altså i seg selv en begrunnelse til representanten Djupedals spørsmål. Vi prioriterer den videregående opplæringen. Når vi vet at de fleste begynner på folkehøgskole etter at de har fylt 19 år, kan vi absolutt ikke se at vi skal prioritere dem ved å gi dem en bedre ordening enn dem som går i videregående opplæring.

Presidenten: Replikkordskiftet er dermed over.

Jørgen Holte (Sp): Stortinget si handsaming og vending av Regjeringa si melding om folkehøgskulen og utdanningssamfunnet kan beskrivast som å tenne eit lys på ei vinterkald jord, og på nytt gi folkehøgskulane livsmot og tru på si sak.

14. januar 1997 kan såleis bli ein merkedag for folkehøgskulen som skuleslag, for norsk ungdom og for alle dei som meiner at menneskeleg danning gjennom folkeopplysning og livsutvikling er ein viktig realkompetanse. Eg skal ikkje bruke mykje tid på Regjeringa sitt framtidssyn for fol-



Jørgen Holte

kehøgskulane slik det går fram av St. meld. nr. 51 for 1995-96. Saka som Stortinget i dag har funne ei framtidsretta løysing på, er best tent med at det snarast blir gøymt og gløymt.

Likevel vil eg minne om at fleirtalet i Stortinget ved budsjetthandsaminga både i 1993 og i 1994 bad Regjeringa snarast utgreie folkehøgskulen sin plass i vårt utdanningssystem. Ingen av desse oppmodingane syntest Regjeringa det var verdt å bry seg om.

Det same fleirtalet måtte derfor i 1995 gjennom eige vedtak i Stortinget tvinge Regjeringa til å legge fram ei eiga melding til vårsesjonen 1996. Ikkje før 27. september i fjor kom saka til Stortinget. Ingen kan skulde departementet for ikkje å utnytte våren godt.

Innhaldet i meldinga var ei god orientering om den historiske utviklinga til skuleslaget, men den var komplett fri for framtid og visjonar, og den var på sett og vis like uaktuell for framtida som eit gamalt værvarelsel.

Når eg brukar såpass mykje tid på forhistoria og Regjeringa si trenering og handtering av saka, er det for å varsle statsråden om at eg forventar ei ny og langt meir positiv haldning og innretning frå departementet si side overfor folkehøgskulane enn det vi har vore vitne til gjennom t.d. årlege bud-

sjettproposisjonar og den meldinga Stortinget i dag har til hand-saming.

Folkehøgskulen har gjennom ei historie på over 130 år levd under vekslande kår. Eit nærmast lov-laust liv i 85 år stadfestar den manglande offentlege omsorg ein skule for folket eller skule for livet har levd under. Folkehøgskulen si plassering i vårt utdanningssystem og kompetansen har vore eit aktuelt tema dei siste 20 åra. I 1984 vart kompetansespørsmålet lov-festa, og departementet fekk i opp-gåve i samråd med skulane å av-gjere korleis skulane kunne gi kompetanse i yrkes- eller utdan-ningssamanheng.

Sidan den tida er lite avklart.

Initiativet og dei nye stega fram-over for folkehøgskulane er det Stortinget som i dag er byggmeis-ter for.

Derfor kan vi slå fast at eit stort fleirtal i Stortinget, inklusive regje-ringspartiet, vil at folkehøgskulen skal vere ein eksamens-, pensum- og karakterfri skule og såleis vere ei sjølvstendig søyle i vårt utdan-ningssystem, med vekt på sitt his-toriske idégrunnlag.

Folkehøgskulen skal vere fri og uavhengig og gjennom folkeleg opplysning fremme demokrati og evne til samarbeid, samtale og dia-log. Gjennom ulike arbeidsformer skal folkehøgskulen undervise tverrfagleg og integrerande og fungere som møteplass for grup-per som ofte blir skilde etter ulik alder, fag, kultur og religionsopp-fatningar.

Minimumsgrensa for å halde oppe offentlege tilskott til skulane skal framleis vere 35 elevar i gjennom-snitt dei fire siste åra.

Folkehøgskulelandskapet skal ikkje vere statisk. Det må akseptast at skular blir lagde ned, like fullt som nye skular kan bli godkjent etabler-te. I det høvet skal Folkehøgskule-rådet vere eit sentralt tilrådingso-rgan i tillegg til at det vil få viktige rådsfunksjonar i skulepolitiske, ad-ministrative og økonomiske spørs-mål. Det samordnings- og koordi-neringsrådet som dei to folkehøg-

skulelaga her har etablert, har synt seg å vere eit svært nyttig verktøy for både skuleslaget, departementet og Stortinget.

Eit felles standpunkt framført gjennom Folkehøgskulerådet har i fleire saker representert ei kraft som har gitt skulane fornøya poli-tiske rammevilkår. Denne saka er eit godt eksempel på det.

Gjennom lov om folkehøgskular er den enkelte skule oppmoda om å legge til rette for eit samla peda-gogisk program som blir realisert gjennom kortare og lengre kurs. Hovudkurset gjennom halvårskurs og årskurs vil utgjere hovudstam-ma av tilbodet i folkehøgskulen. Men kortkurs vil også for framtida bli eit meir aktuelt tilbod som ledd i å gi vaksne etter- og vidareutdan-ningstilbod. Slike kursformer krev ekstra ressursar både i form av bygningar, utstyr og personale. Derfor skal den ekstra vektning av kortkurselevane haldast oppe, på lik line med noverande ordning.

Det må presiserast at same kva kursform vi snakkar om, skal alle kurs nytte skulane sine eigne læ-rarkrefter, her medrekna tilsette i andre nordiske folkehøgskular. Dette for å sikre alle kursformer ein eigen folkehøgskuleprofil.

Folkehøgskulen har rike tradisjo-nar for opptak av elevar frå andre nasjonar. Eg ser positivt på dette og meiner at spesielt elevar frå Aust-Europa og u-land vil vere ein viktig ressurs i folkehøgskulen. Eit folkehøgskuletilbod for desse er ein viktig del av Noreg sitt arbeid for internasjonalisering og kontakt over landegrensene.

Formidling av folkeleg danning og å vekke interesse for arbeid og engasjement er ei god førebuing med tanke på vidare studium. For unge gjer dette folkehøgskulen til eit godt supplement til det offent-lege skuleverket både før, under og etter vidaregåande skule. Folkehøgskulane si vurdering av kompetanseprosjektet, som ein del skular tok del i, synte at folkehøg-skulane er ein god læringsarena for både handlings-, lærings- og livskompetanse.

På denne bakgrunnen gjer fleirta-let framlegg om at med verknad frå skuleåret 1997-98 skal eit folke-høgskuleår på 33 veker gi elevane utteljing i form av 3 konkurranse-poeng i tillegg til alderspoenga, under føresetnad av skuledoku-mentasjon og registrert elevfram-møte på 90 pst.

Som dokumentasjon på avslutta skulegang har elevane krav på vit-nemål. Dette skal innehalde ein felles presentasjon av skuleslaget, opplysning om læringsprogrammet til skulen og eleven sitt nærvær og fråvær. I dette spørsmålet har den enkelte skulen ei viktig oppgåve å gjere framover til og i løpet av skuleåret 1997-98.

I første omgang bør departe-mentet og Folkehøgskulerådet i samarbeid bli samde om eit sett kriteriar og kva rammefaktorar som skal inn i ein skuledokumen-tasjon. Deretter ligg det til den en-kelte skulen å fylle det med inn-hald og få det godkjent av Folkehøgskulerådet.

Departementet skal ha tilsyn med at det ligg føre ein godkjend dokumentasjon om målsetting, elev- og lærarføresetnader, ar-beidsmåtar og vurdering og ytre rammefaktorar som tidhøvelege bygningar og utstyr.

For ein fri og uavhengig skule er det viktig, spesielt på dette punk-tet, å legge på plass haldbare ar-beidsmåtar, slik at ein etterlever lovverket sin intensjon om skule-eigar sitt ansvar, målsetting og verdigrunnlag.

Når det gjeld dei økonomiske og driftsmessige forholda, skal driftstilskottet gjennom basistil-skottet og tilskott på grunnlag av elevtal vidareførast i samsvar med § 17 i lov om folkehøgskular og justerast med utgangspunkt i lønns- og kostnadsutviklinga. Eg vil minne om at dei siste åra har ikkje departementet justert drifts-tilskottet i samsvar med det som er lovheimla, og eg forventar at det blir følgt opp i samband med dei framtidige årlege budsjetta. Det bør også presiserast at ord-ninga med kapitaltilskott er ei god

og rettvis ordning som gir både staten og skulane ei god oversikt over utgiftene på kapitalsida, og at den skal haldast oppe og vidareførast på noverande nivå.

Eg vil vidare understreke at innstillinga legg opp til at dei elevane som vel å ta folkehøgskule det siste året i eit fireårig vidaregåande løp, også skal ha rett til utvida stipend til dei er 20 år. Ut frå at dette skal ha verknad frå 1997-98, reknar eg med at Regjeringa i revidert nasjonalbudsjett no til våren fremmar forslag om auka løyving til utdanningsstipend for folkehøgskuleelevane.

Når innstillinga fremmar så klare forslag til romertalsvedtak, er det uttrykk for ein sterk vilje og klar melding til departementet om at slik skal ting skje. Eg reknar med at statsråden er av same oppfatning, og at departementet vil fylgje opp det tempoet og retningsskiftet som Stortinget forventar. Innstillinga ber bod også om ei forventning til folkehøgskulane, som gjennom vedtak i dag blir gitt ytre rammevilkår som vil krevje eit kvalitativt og idérikt arbeid framover. Det gjeld i første omgang å utforme ein skuledokumentasjon og seinare å slå ring om skuleslaget si eigenart og det historiske idégrunnlaget.

Innstillinga er inga sovepute korkje for skuleslaget eller departementet. Stortinget har gitt til kjenne sitt syn. Det ligg til departementet og skulane å vise at dei tar utfordringa. Det å halde eit lys tent på ei vinterkald jord er minst like krevjande som å tenne det. Derfor blir det når det gjeld arbeidet framover, moglegheitene si tid både for skuleslaget og det politiske miljøet.

Presidenten: Det blir replikkordskifte.

Marit Nybakk (A): Forrige uke deltok jeg på en konferanse på LOSkolen på Sørmarka. Sørmarka har vært og er et av de aller viktigste kompetansesentrene i landet. Ja, faktisk kan det sies at ikke bare



Folkehøgskolen er ingen studentfabrikk.

har faglig tillitsvalgte fått sin viktigste utdanning her, tillitsmannsopplæringen og studieringene har vært viktige forutsetninger for utviklingen av det norske velferds-samfunnet. Men formell kompetanse – eksamener eller karakterer – har man ikke fått ved å gå på Sørmarka. Det samme mener jeg kan og bør sies om folkehøgskolene, som ikke minst har gitt unge mennesker sosial kompetanse og lagt vekt på det hele menneske i et samspill mellom lærer og elev. Denne egenarten tror jeg at vi må søke å ta vare på.

Vi gir i dag 3 konkurransepoeng til folkehøgskolene, dvs. vi gir 3 konkurransepoeng til høyere utdanning for elever som har gått på folkehøgskole. Representanten Holte kaller dette en merkedag for folkehøgskolene. Ja, la oss håpe at den blir det. Men jeg vil gjerne spørre representanten Holte: Vil han påse – sammen med oss andre – at vi tar et felles ansvar for å passe på at folkehøgskolene nå ikke utvikler seg til studentfabrikker à la Bjørknes Privatskole, som elever søker til utelukkende i den hensikt å skaffe seg poeng for å komme seg videre til høyere utdanning? Hvis så skjer, ser ikke da representanten Holte at vi på lengre sikt undergraver hele folkehøgskolens eksistensgrunnlag? Og det ønsker verken jeg eller representanten Holte.

Jørgen Holte (Sp): Representanten Nybakk konkluderte veldig nær opptil det svaret som ho kanskje på førehand hadde venta ho skulle få. Men Nybakk reiser jo eit spørsmål som eg synest er viktig, om å sjå til at vaksenopplæring gjennom studieforbund, fjernundervisning eller same kva får vilkår til å arbeide for det løftet som dei har gjort, gjer og vil gjere på det som går på vaksenopplæring.

Det er for så vidt ikkje så kostbart, prisen på å seie det sånn ideologisk er ikkje så stor. Problemet kjem når ein skal fremme verke-middel. Og det som då skil meg og Marit Nybakk på det punktet, er at vi kanskje ikkje i same grad har evna gjennom budsjetta å ha det tempoet på ei retning som vi er einige om. I så måte er det klart at vi legg igjen dårlege signal når vi kuttar både på fjernundervisning og kanskje i vaksenopplærings-sammenheng. Men det blir liksom ei anna skål, eg skal vere einig i det, og at det skil oss og Arbeidarpartiet noko på det punktet. Men eg ser ikkje for meg at folkehøgskulen skal bli ein studentfabrikk fordi om vi no vel å gi elevane høve til å få verdsett sin realkompetansen gjennom den livskompetansen, den livsutviklinga, som folkehøgskuletilbodet gir.

Eg presiserte i innlegget mitt at det no ligg ei stor utfordring på

skuleslaget sjølv for å ta vare på idégrunnlaget sitt, og det var ikkje nokon fabrikk.

Ellen Chr. Christiansen (uavh): For noen år siden vedtok Stortinget at tilleggspoengsordningen i stor grad skulle saneres fordi den var blitt for uoversiktlig. Man bestemte likevel at det skulle gjøres et unntak for tilleggspoeng for verneplikt. De som har avlagt førstegangstjenesten, får 1 tilleggspoeng, fordi man regnet dette som noe som var i særstilling, fordi de det gjelder, ikke selv velger dette, men har en plikt eller blir pålagt den.

Etter dagens vedtak kan vi komme i en situasjon hvor det regnes som tre ganger mer verdt å gå et år på folkehøyskole enn å avtjene verneplikten. Er det noe Senterpartiet synes er fornuftig og riktig? Ungdom som frivillig går et år på folkehøyskole, får nemlig tre ganger så mange konkurransepoeng. Dette må jo bety at stortingspolitikkerne mener at folkehøgskolene gir en livs- og handlingskompetanse som er tre ganger så god som førstegangstjenesten. Eller er det så viktig for bl.a. Senterpartiet å verne om folkehøgskolene at man her ikke har sett hvilke andre grupper som indirekte rammes? Uansett mener jeg dette er et veldig sterkt signal å sende til alle landets vernepliktige. Jeg skal derfor legge frem et forslag senere i dag der vi foreslår at vernepliktige i hvert fall får like mange poeng i konkurransen om studieplasser innen høyere utdanning som de som går på folkehøyskole. Og jeg lurer på om Senterpartiet kunne tenke seg å støtte et slikt forslag.

Jørgen Holte (Sp): Eg deler ikkje Ellen Christine Christiansen sin konklusjon, at det skal bli tre gonger så mykje meir verdt å gå på folkehøgskule som å avtjene verneplikta si. Det er faktisk to vidt forskjellige ting ein styrer med i livet når ein går på folkehøgskule, og når ein avtener verneplikta.



Folkehøgskolens brede engasjement har gjort inntrykk på KUF-komiteen.

Til det med verneplikt: Eg er jo som ein gamal forsvarsvenn veldig opptatt av at verneplikta i seg sjølv er noko som òg gir andre kvalitetar enn å bli god militærteknisk, ein god arena som ledd i totalforsvaret vårt. Eg trur at for oss som har vore så heldige at vi har fått med oss det, pregar det faktisk vår livsførsel, frå teljekantar til sosialt samvere med folk. Det er litt mangelvare i samfunnet.

Eg ser klart forskjell på verneplikt og folkehøgskule, og mitt og Senterpartiet sitt syn er at ungdom faktisk bør få med seg begge delar. Og ventar dei lenge nok, får dei også med seg dei konkurransepoenga som ein får fordi ein blir eitt år eldre. Eg ser ikkje konfliktholdet, at det her er eit spørsmål om å sette det eine opp mot det andre.

Med omsyn til det forslaget som Ellen Christine Christiansen seier at ho vil fremme seinare, er det klart at innstillinga ber bod om at vi har til føremål å gjere opp for folkehøgskulane her og nå, og når det gjeld andre forhold knytte til konkurransepoeng, ber vi om at det blir vurdert. Eg skal kome tilbake til kva råd eg vil gi i dette spørsmålet når det blir fremma.

Presidenten: Replikordskiftet er dermed over.

Jan Tore Sanner (H): Det er gledelig at det har vært mulig å skape et bredt flertall bak den innstilling vi behandler i dag. Det var mange som ble svært skuffet da arbeiderpartiregjeringen motstrebende la frem stortingsmeldingen om folkehøgskolen. Meldingen innebar lite nytt, den gav få svar, og de forslagene som lå i meldingen, ble av mange oppfattet som å gå i gal retning. Det er derfor gledelig at Arbeiderpartiet i Stortinget har sluttet seg til flertallets merknader og forslag. Det er liten tvil om at det brede engasjement som er vist



Jan Tore Sanner.

fra folkehøyskolene og elevenes side, har gjort inntrykk på komiteen. Jeg vil også legge til: Dette engasjementet er i seg selv et godt bevis på at folkehøyskolene har livets rett.

Det brede flertall som nå er manifestert, gir folkehøyskolene et godt grunnlag for også fremover å bygge videre på skoleslagets stolte tradisjoner. Folkehøyskolene har vist en stor evne til å fornye seg, samtidig som man har maktet å holde fast ved sine idealer.

I de senere år har imidlertid folkehøyskolene hatt en svakere rekruttering. Jeg kan forstå at dette har vakt bekymring, og at man ønsker nye gulrøtter som kan gjøre det mer attraktivt å søke seg til folkehøyskolen. Men jeg vil understreke at folkehøyskolen må stå vakt om sin egenart. Det er fristende å vende seg mot staten og be om bedre rammebetingelser og økt økonomisk støtte, men jo mer man ber om, og jo mer man får, jo mer vet vi av erfaring at staten ønsker å styre. Folkehøyskolens styrke er skolens frie posisjon. Dette bør man holde fast ved og videreutvikle.

De senere år har vært preget av reformer i skolesystemet. Langt fra alt har vært til det bedre. Skolen har blitt mer A4-preget, mangfoldet og valgfriheten er redusert til fordel for mer struktur og mer system. Dette øker behovet for alternativer. Det er behov for alternativer som gjør det mulig for ungdom å ta et skritt til siden, kunne bruke et år til å utvikle seg, modnes og arbeide på en annen måte. Men det er også behov for alternativer fordi mangfold fremmer nytenkning. Det er behov for skoler som tenker annerledes og prøver ut sine ideer.

Stortinget imøtekommer i dag langt på vei de krav som er blitt stilt fra folkehøyskolenes side. Nå er det opp til skolene. Det er kun folkehøyskolen selv som kan bevise at skoleslaget har livets rett også inn i neste årtusen. Jeg mener at det finnes mange gode begrunnelser for at skoleslaget skal makte

dette, men jeg mener også at det er ønskelig sett fra samfunnets side, både fra et skolepolitisk og fra et kulturelt perspektiv. Det er derfor riktig å gi folkehøyskolen gode rammebetingelser.

I denne innstillingen konkluderes det også med at elevene skal få egne konkurransepoeng. I det ligger det en anerkjennelse. Poengene vil også gjøre det mer attraktivt for ungdom å velge et år på folkehøyskolene. Men konkurransepoeng vil ikke alene være noen garanti for at ungdom vil velge dette. Det er gjennom de tilbud og de utviklingsmuligheter som skolene kan tilby, at man vil kunne trekke til seg flere ungdommer.

Jeg slutter meg i all hovedsak til de betraktninger som representanten Jørgen Holte gjorde i sitt innlegg, og anbefaler på vegne av Høyre de forslag til vedtak som ligger i innstillingen.

Til slutt: Representanten Ellen Christine Christiansen vil senere i dag fremme et forslag om å side stille antall konkurransepoeng for militær førstegangstjeneste med et år på folkehøyskole. Jeg har stor sympati for dette forslaget, men vil allikevel be representanten Christiansen når dette kommer, om å gjøre dette forslaget om til et oversendelsesforslag, og jeg viser der til at Stortinget ber om å få en egen gjennomgang av de ulike konkurransepoengene, og at det da vil være naturlig å behandle dette forslaget i den sammenheng, men som sagt, forslaget har jeg stor sympati for.

(Morten Lund hadde her overtatt presidentplassen.)

Presidenten: Det blir replikkordskifte.

Oddbjørg Ausdal Starrfelt (A): Fleirtallet – inkludert Høyre – gjer, som det er gjort greie for, i dag vedtak om at 18-19-åringar som går på folkehøgskule, skal få utvida minstestipend. Det får ikkje 18-19-åringar som begynner direkte på universitet eller høgskule. Elles

arbeider Høyre for auka gjennomstrøyming, og ser Høyre det då som rettferdig at dei som tek ein slags omveg via folkehøgskule, skal få betre finansiering enn sine jamaldringar som går på universitet eller høgskular?

Eit år på folkehøgskule gjev nå tre konkurransepoeng. Det er ein del argument for det som er komne fram tidlegare, så eg skal ikkje gjenta dei. Likevel er det slik at ingen andre aktivitetar gjev så store utteljingar i form av konkurransepoeng. I tillegg er som sagt finansieringa for den einskilde elev god. Gjer det Høyre bekymra for at folkehøgskulen kan endra karakter – jamfør tidligare replikk frå Marit Nybakk? Og kva vil ein i tilfelle gjera med den bekymra? Og ser Høyre at dette kan verta opplevd som urimeleg, og at det vil føra til press frå andre grupper, særleg i høve til å få poeng? Er det f.eks. – vil eg spørja representanten Sanner – rimeleg at ein hjelpepleiar som jobbar som hjelpepleiar i full stilling eit heilt år, bare får konkurransepoeng, medan ein som går på folkehøgskule, også får alderspoeng, når begge to søker om opptak på sjukepleierhøgskule?

Jan Tore Sanner (H): Jeg undres litt over det siste spørsmålet som representanten Ausdal Starrfelt stilte. Så vidt jeg har forstått, støtter Arbeiderpartiet forslaget om å gi elevene fra folkehøyskolene konkurransepoeng. Jeg synes det da er noe underlig at representanten bruker store deler av sin replikk på å argumentere mot.

Når det er sagt, vil jeg si at jeg ser også på dette som delvis et tveegget sverd. Det er helt opplagt at det kan ligge en fare i at konkurransepoengene blir sett på som et mål i seg selv. Det ønsker vi ikke. Det er jo derfor jeg, og også andre representanter i sine innlegg, har sagt at folkehøyskolene må stå vakt om sin egenart, og at det er det som må være det sentrale. Men vi har gjennom en vurdering kommet frem til at det nå er riktig å gi folkehøyskolene disse kon-

kurransespoengene, og så får vi da se hvordan man forvalter dette.

Når det gjelder spørsmålet om minstestipend, har det også vært fremme i flere replikker allerede. Jeg vil gjerne si for egen del at vi ser det ikke som noe problem at noen tar en omvei. Vi ser det tvert imot som et problem at hele utdanningssystemet er blitt så strukturert og systematisert, så A4-preget og motorveipreget – alle skal gå den samme veien; man skal gå inn som seksåring og ut når man er et par og tyve og helst ikke ta noen krumspring på veien. Vi ser det tvert imot som et problem at hele utdanningssystemet er blitt så strukturertmspring på veien. Vi ser det som en fordel å bevare disse pusterommene og en mulighet til å ta et skritt til siden.

Ellers er det jo, som også representanten Djupedal var inne på tidligere, et spørsmål om å side stille eller ha rettferdighet mellom dem som tar et år på folkehøgskole midt i sitt treårige eller fireårige løp på videregående, og dem som tar det etter endt utdannelse.

Sigurd Manneråk (Sp): Ved en rekke anledninger de senere år har Høyre og Senterpartiet stått sammen når det gjelder forslag som går på å forbedre stipendmulighetene for elever og studenter. Det gjaldt også i høst under behandlingen av KUF-budsjettet i forhold til å gi stipend og bedre muligheter på dette området for folkehøgskoleelever. Dessverre greide vi ikke under salderingen å få til en ordning med forbedring på dette området, men Senterpartiet har til hensikt å sørge for at det blir en realitet i forbindelse med revidert budsjett til våren.

Dersom det skulle skje at statsråden da ikke fremmer forslag om dette, kan vi regne med støtte fra Høyre for å løfte opp denne saken, slik at den kan bli virkeliggjort fra skoleåret 1997/98?

Jan Tore Sanner (H): Jeg synes ikke det er naturlig at vi gjør dette til en budsjettdebatt. Høyre står

sammen med Senterpartiet og andre partier om det forslaget til vedtak som ligger i denne innstilling, og dette forslaget til vedtak er vi selvfølgelig innstilt på å følge opp.

Ellen Chr. Christiansen (uavh): Det er hyggelig at representanten Sanner langt på vei ser det viktige i det forslaget jeg har lagt frem. Men det er jo slik at allerede fra høsten innføres tilleggsपोengene for folkehøgskolene dersom forslaget til romertallsvedtak i dag blir vedtatt. Dersom mitt forslag blir oversendt, slik representanten Sanner antyder, er det uvisst når og om noe skjer. Vi vet hvor dårlig Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet liker slike tilleggsपोeng, og det er vel ikke for ingenting at komiteen, selv om den er nesten enstemmig, har behov for et romertallsvedtak for å understreke det. Jeg tror derfor ikke at en oversendelse av et slikt forslag har noen særlig hensikt. Og jeg går ut fra at komiteen har vært seg bevisst dette som gjøres, og det som ligger i saken. Man har sågar spesifikt nevnt at dagens ordning for vernepliktlige representerer ett पोeng, uten at man har signalisert noe ønske om endringer. Eller er det slik at komiteen rett og slett ikke har reflektert over denne biten, så er jo det i seg selv interessant.

Jeg ville tro at Høyre burde være bekymret over at de unge som har gått på folkehøgskole, til høsten vil stille foran dem som har avtjent verneplikten dersom disse to gruppene ellers stilles likt. Hvis Høyre er enig i at dette kan være bekymringsfullt, lurer jeg på hvorfor de skulle ha noen betenkeligheter med å støtte mitt forslag, og hvorfor man ikke kan støtte det istedenfor å foreslå det oversendt.

Jan Tore Sanner (H): La meg først bemerke at det forslaget vi nå diskuterer, ennå ikke er fremsatt, men la det ligge.

Jeg synes kanskje det er litt skuffende at representanten Christiansen forsøker å gjøre debatten om

folkehøgskolene til en debatt om hvor mange kurransespoeng man eventuelt skal få for avsluttet militærtjeneste. Jeg har i mitt hovedinnlegg uttrykt stor sympati for forslaget, at det her bør være en sidestilling, men vi synes at det er naturlig at det forslaget behandles i forbindelse med en total gjennomgang av kurransespoengene. Vi har allerede i fjor høst hatt en diskusjon om kurransespoeng knyttet til andre fag og skoleslag, og jeg synes det da er naturlig at vi nå får en total gjennomgang, og ikke tar dette stykkevis og delt.

Presidenten: Replikskordskiftet er over. Ellen Chr. Christiansen får ordet utenom tur for å sette fram et forslag.

Ellen Chr. Christiansen (uavh.): For ordens skyld vil jeg nå sette fram forslag nr. 3, slik at det er tatt opp.

Presidenten: Representanten Ellen Chr. Christiansen har tatt opp det forslaget hun refererte til.

Øystein Djupedal (SV): Dagen i dag er en merkedag for folkehøgskolene. Etter mange års kamp for skoleslaget vil vi med dagens innstilling kunne møte morgendagen



Øystein Djupedal

med fornyet håp om vekst og optimisme. På vegne av SV og på vegne av flertallet i Stortinget er jeg stolt over at de forslag Regjeringen kom med om å slå bena under et verdifullt skoleslag, er avvist.

Det er viktig å understreke at folkehøyskolene skal være et viktig pustehull i en stadig mer strømlinjeformet utdanning. For selv om folkehøyskolene har fått innfridd mange av sine ønsker i dagens innstilling – ikke minst når det gjelder konkurransepoeng – står det fast at skoleslagets egenart skal bevares. Skolen skal forbli et eksamensfritt, pensumfritt og også karakterfritt pustehull. En av skoleslagets største utfordringer framover vil, som flere har vært inne på her tidligere, være ikke å markeditilpasse seg, men å forbli en allmenndannende skole, slik den har vært siden 1864.

Dagens innstilling slår som sagt fast at folkehøyskolene skal være pensum-, karakter- og eksamensfrie. Det er etter mitt skjønn noe av det viktigste med dagens innstilling. Med tanke på at Stortinget senere i denne uken skal debattere vurderinger om grunnskolen, der karakterenes plass i skolen både skal utvides og forsterkes, blir det ekstra viktig at folkehøyskolene forblir et annerledes skoleslag.

Jeg tror og håper at dagens innstilling skal videreføre grunnlaget for folkehøyskolenes plass som et skoleslag innen folkeopplysningstradisjonen. Skoleslaget er som kjent mer enn 130 år gammelt og fortjener mange år til.

Det er riktig å si at skoleslaget, ved den meldingen Regjeringen i sin tid fremmet for Stortinget, faktisk stod i fare. Den ville ha gjort at folkehøyskolenes rammevilkår ville ha blitt så dårlige at man kunne ha forventet at rekrutteringen også i framtida ville ha blitt dårlig. Regjeringens framlegg ble altså møtt med vantro og hoderystelser hos de mange som er venner av folkehøyskolenslaget. Det skulle åpenbart ikke være plass til folkehøyskolene i det stadig mer strømlinjeformede utdanningssystemet

som vi skaper. Heldigvis har et nesten samlet storting – til og med Arbeiderpartiet – avvist Regjeringens forslag, slik at det altså nesten er en samlet innstilling i dag. Men når en hører innleggene både fra representanten Nybakk og representanten Ausdal Starrfelt, skjønner en jo at Arbeiderpartiet er med på flertallsmerknadene utelukken- de fordi det fins et flertall i Stortinget uavhengig av Arbeiderpartiet. Men la Arbeiderpartiet likevel få honnør for at de er med på innstillingen – og takk for det! I all hovedsak kan jeg slutte meg til det representanten Holte sa i sitt innlegg på vegne av flertallet, men la meg likevel få lov til å trekke fram noen få punkter som er viktig.

Den viktigste enkeltendring Stortinget i dag gjør, er å gi folkehøyskolene konkurransepoeng ved opptak til høyere utdanning. Elever som altså tar et år på folkehøyskole, skal få tre konkurransepoeng. Det innebærer at den trenden som dessverre har vært rådende en stund, at det å gå på folkehøyskole er et bortkastet år, kan snus. Den er nå formelt fjernet. Selv om det aldri har vært bortkastet å gå på folkehøyskole, så har det altså, med det presset som finnes innenfor utdanningssystemet, blitt oppfattet sånn. Det betyr at folkehøyskolene kan rekruttere ungdom til det modningsåret det er tenkt å være, et år de skal vokse som mennesker. Som tidligere sagt, er det et viktig prinsipp som igjen er slått fast: at folkehøyskolen skal være en pensum- og eksamensfri skole, men at den kompetansen som allikevel gis på skolen, skal gi uttelling. Etter SVs skjønn er det heller ingen urimelighet at det skal gis uttelling i form av poeng.

Det er likevel grunn til å understreke at når Stortinget i dag gir folkehøyskolene tre konkurransepoeng, skal ikke det åpne for en generell adgang til å gi konkurransepoeng. Stortinget vil også – når vedtaket gjøres senere i dag – be om at det blir en gjennomgang av tilleggspoeng og konkurransepoeng. Det er viktig å holde fast

ved, nettopp fordi det er fort gjort å trå feil og fort gjort å skape nye urettferdigheter ved at man ønsker å tilgodese noen. Jeg imøteser en sånn gjennomgang av poengsystemet, men det forhindrer ikke det faktum at folkehøyskolene i dag har fått sine tre poeng.

Et annet viktig poeng er at Stortinget på nytt fastslår at ungdom som tar en treårig utdanning, skal ha de samme rettigheter som andre når det gjelder minstestipend i Lånekassen. Dette er et spørsmål som Stortinget tidligere har vært beskjeftiget med, uten at den nødvendige oppfølging har kommet fra Regjeringens side. Det har vært litt debatt om dette tidligere i dag, men la meg bare slå fast at SV mener at vi nå har fjernet en urimelighet og urettferdighet, og at vi er glad for at Stortinget nå gjør de nødvendige vedtak. Jeg er også glad for at Stortinget bevilger de nødvendige midler til at dette skal kunne realiseres.

Et tredje poeng jeg har lyst til å trekke fram som har gjort det problematisk for mange skoler, er at Regjeringen ønsket at antall elever skolene skulle ha, skulle heves. Jeg er glad for at Stortinget nå står fast på at det er 35 elever som er tallet. Det gjør at mange av de minste skolene også i framtida vil kunne ha livets rett. Etter mitt skjønn fantes det ingen rasjonelle argumenter for hvorfor grensen skulle heves.

Et siste poeng er at Stortinget vil videreføre ordningen med støtte til de ulike kortkurs som folkehøyskolene har. Disse har utgjort en viktig del av folkehøyskolenes tradisjon, ikke minst også når det gjelder den økonomiske delen. Vi har altså i dagens innstilling lagt føringer for at folkehøyskolenes rammevilkår skal være mer forutsigbare enn de har vært i en periode. Jeg håper også at Regjeringen tar det signalet fra Stortinget, og jeg håper også at de ulike partier her i Stortinget som i dag er med på å stadfeste forutsigbarheten, står fast ved det ved kommende budsjettbehandlinger. Med dagens vedtak er mange av

steinene lagt på plass for at folkehøgskolene skal ha en plass i vårt utdanningssystem. Stortinget har etter mitt skjønn nå gjort jobben. Nå er det, som mange har sagt, opp til folkehøgskolene selv å legge grunnlaget videre for at folkehøgskolene skal ha en plass innenfor den allmenndannende og folkeopplysende tradisjon. Jeg tror at folkehøgskolene har mange gode år foran seg. Men det er viktig at de tar vare på sin egenart og ikke later som – eller ønsker å bli – noe annet enn det de faktisk er, og det Stortinget faktisk også har ønsket at de skal være. Med det vil jeg anbefale alle de punkt i innstillingen som flertallet står bak, der også SV er med.

Presidenten: Det blir replikkordskifte.

Ottar Kaldhol (A): Representanten Djupedal var opptatt av dette med å skape eit pusterom i ein elles strømlinjeforma utdanningsstruktur her i dette landet. Så vidt eg hugsar, står det jo nettopp i meldinga som Regjeringa la fram, om den verdien folkehøgskulen har og vil kunne ha også i tida framover som eit slikt pusterom, ut frå den eigenarten som dette skuleslaget står for.

Representanten var også inne på at Arbeidarpartiet gjekk inn for poeng ut frå at det var fleirtal for det i Stortinget. Arbeidarpartiet går inn for poeng fordi det er viktig for dette skuleslaget, og fordi heller ikkje andre – verken folkehøgskuleslaget sjølv eller andre parti i Stortinget – har kome med noko betre forslag for å styrke folkehøgskulen på dette tidspunktet enn nettopp å gi konkurransepoeng. Det er også den grunngevinga som Arbeidarpartiet har for å gå inn for konkurransepoeng. Men Arbeidarpartiet har markert og gitt uttrykk for at nettopp desse konkurransepoenga kanskje kan vere med på å skade folkehøgskuleslaget sin eigenart. Derfor vil eg gjerne stille spørsmål til representanten Djupedal når det gjeld den

eigenarten som alle saman er opptatt av, som vi ser er viktig, og som vi no også oppmoder folkehøgskulane om å ta vare på: Meiner Djupedal at konkurransepoeng faktisk styrkjer folkehøgskulane sin eigenart i framtida?

Øystein Djupedal (SV): Jeg syns representanten Kaldhol hadde en meget relevant replikk, for det er jo det som til syvende og sist vil bli det springende punkt. Stortinget vil i dag gi folkehøgskolene anledning til å få konkurransepoeng. Det kan selvfølgelig friste enkelte folkehøgskoler til å late som om de er noe annet enn det de er, og komme mer inn i en markedstilpasset eller strømlinjeformet utdanningssystem, og den faren er selvfølgelig til stede. Jeg føler meg veldig trygg på at Folkehøgskolerådet og også de ulike rektorer og administrativt personale ved folkehøgskolene vil hegne om folkehøgskolens egenart. Jeg tror at det ikke fins noen ambisjoner i folkehøgskolen om å bli noe annet enn et allmenndannende skoleslag selv om vi nå har gitt dem muligheten til – det er riktig – å kunne bli noe annet.

OK, regjeringspartiet ønsket at folkehøgskolene skulle forbli et pustehull i utdanningssystemet vårt. Det tror jeg alle egentlig har ønsket. Men bakgrunnen og begrundelsen for at flertallet nå gir tilleggs poeng eller konkurransepoeng, er jo nettopp at rekrutteringen til skoleslaget har vært dårlig over år, at man kunne se for seg en stor sanering av folkehøgskoler, og at dermed mye av det pustehullet det har vært, ville ha gått tapt. Det er bakgrunnen, tror jeg, for de fleste her, for hvis folkehøgskolene hadde klart seg fint på egen kjøll, tror jeg også dagens innstilling nok ville ha blitt forskjellig på det punktet knyttet til hvor mange poeng de skulle få.

Jeg trakk fram at Arbeiderpartiet sannsynligvis er med i flertallet fordi det likevel er flertall. Jeg hadde i utgangspunktet ikke tenkt å komme med den antakel-

sen hadde det ikke vært for at både representanten Nybakk og representanten Ausdal Starrfelt her på Stortingets talerstol argumenterer mot det de selv har vært med på i innstillingen. De bruker altså sin taletid her til å fortelle hvor uheldig det er å tilføre konkurransepoeng, og så står det altså i innstillingen at det er Arbeiderpartiet med på. La meg avslutte med å si at jeg er glad for at Arbeiderpartiet er med, det er jeg, men da syns jeg ikke de skal bruke dagens debatt til å undergrave det de selv har vært med på.

Oddbjørg Ausdal Starrfelt (A): Det har vore kommentarar til ein tidlegare replikk eg hadde. Eg ser ikkje at ein i ein replikk skal ta heile argumentasjonen på nytt, så det gjorde altså ikkje eg og heller ikkje representanten Marit Nybakk.

Altså: Me støttar grunngevinga for poeng, men me er likevel bekymra for konsekvensane for dette. Kor rettferdig eller urettferdig vil det opplevast for andre grupper og med derpå fylgjande press for at andre skulle be om poeng? Difor gjekk me i utgangspunktet ikkje inn for poeng. Det har me gjort etter kvart i løpet av prosessen, og det står me for. Det som bekymrar meg, er om me er aleine om bekymringa for dei konsekvensane dette får – for det er klart at dersom det vert slik at alle får tre poeng for eit år, er me jo like langt. Då er det ikkje noko poeng i å gje ekstrapoeng eller ekstra konkurransepoeng, som representanten Mathisen seier. Eg spør derfor representanten Djupedal: Er representanten Djupedal bekymra for kva konsekvensar dette kan få for andre grupper og for press frå dei, og korleis vil representanten Djupedal møta dette presset frå andre grupper?

Øystein Djupedal(SV): At dette ikke er noen spesielt god dag for Det norske Arbeiderparti, syns jeg blir mer og mer åpenbart, men la meg da ta kjernen i det som blir sagt.

I likhet med flertallet for øvrig vil jeg tro at alle er opptatt av og bekymret over at tilleggspoengene kan bli sånn at totaliteten av dem blir urettferdig. Forresten synes jeg det er riktig og viktig å understreke at vi skal ha et tilleggspoengssystem som i størst mulig grad er rettferdig, og som i størst mulig grad også oppmuntrer ungdom til bl.a. å ta et folkehøgskoleår, som vi mener er verdifullt for modningen hos ungdom.

Jeg skal ikke utelukke at det finnes urettferdigheter i det tilleggs-poengsystemet som vi har, og det er også bakgrunnen for at flertallet ønsker en egen melding om tilleggs-poengsystemet nettopp for å påse at vi lager et system som er rettferdig. Det betyr at SVs svar til ulike grupper som måtte ønske tilleggs-poeng, vil være: Vi har bedt departementet om å komme tilbake med dette som egen sak. Vi vil avvente den saken fra departementet for å se helheten i tilleggs-poengsystemet. Men jeg har ingen problemer med å si at det var riktig på et tidspunkt å sanere en del av tilleggs-poengene, for det hadde fått et omfang som gjorde at en egentlig ikke lenger gav tilleggs-poeng fordi alle fikk det, nesten uansett hva en bedrev her i verden.

Jeg har tro på at departementet kommer tilbake med en god sak, men jeg innser også at vi har gitt departementet en ganske komplisert og vanskelig sak, for rettferdighet er tross alt et føyelig og tøyelig begrep, og det den ene oppfatter som rettferdig, kan andre oppleve som urettferdig. Men jeg synes som sagt at vi i dag kommer til å gjøre et svært godt vedtak ved at elever på folkehøgskolene får tre poeng, og så får vi avvente hva Regjeringen kommer tilbake til Stortinget med, og den debatten imøteser SV med glede.

Marit Nybakk (A): I demokratiets navn er det opp til enhver representant fra denne talerstol å kritisere regjeringspartiet. Men la meg i anstendighetens navn få lov til å understreke følgende:

Representanten Djupedal sa – hvis jeg oppfattet ham riktig – at et av hovedargumentene for å gi elever på folkehøgskolene poeng er å sørge for bedre rekruttering. Det er jeg grunnleggende uenig i. Vår begrunnelse for å gi poeng er ikke at SV eller Kristelig Folkeparti måtte mene det samme. Våre begrunnelser – og vi har brukt lang tid på å diskutere dette spørsmålet er at vi vil kreditere folkehøgskolenes egenkompetanse, ikke bidra til at studenter søker folkehøgskoler for å komme inn andre steder. Vi vil styrke folkehøgskolene, verne om et skoleslag som vi mener fremmer utvikling av personlige evner og interesser og ikke minst sosial kompetanse.

Jeg vil spørre representanten Djupedal om han virkelig mener at det at man gir elever som har gått på folkehøgskole, tre poeng for å komme inn på medisin, primært er for å øke rekrutteringen? Det greier folkehøgskolene utmerket godt selv i kraft av egenkompetanse som et selvstendig folkeslag – nei, selvstendig skoleslag som skal være et pusterom for unge mennesker som kanskje trenger et år til å modnes, et år hvor de får lov til å bruke andre evner enn dem som de ellers ville måtte bruke når de går inn på medisin eller sosiologi.

Øystein Djupedal (SV): Jeg synes dette replikkordskiftet er ganske interessant, for man setter på dagsordenen en del av de – skal vi si – temaene og begrunnelsene som ligger til grunn for flertallets syn. Det finnes mange ulike årsaker til at elever på folkehøgskolene skal ha poeng. Mitt anliggende var at det at de får tre poeng, sett fra mitt ståsted, har en sammensatt begrunnelse. Den ene begrunnelsen er selvfølgelig – og der er kanskje også den viktigste, så hvis det her var en glipp i min forrige replikk, beklager jeg det – at skoleslaget har en egenart som vi ønsker å kreditere. At vi går inn for så mye som tre poeng, skyldes også de andre delbegrunnelsene som jeg har gitt uttrykk for.

Vi har – og det har ikke bestendig vært med SVs velsignelse – skapt et veldig strømlinjeformet utdanningssystem, der «gjennomstrømning» på mange vis er det dominerende ord, en gjennomstrømning også helt fra de minste aldersklasser. Vi skal nå fra høsten av dytte 6-åringene inn i skolen, og der skal de først gå i ti år, så skal vi gi dem tre års videregående utdanning på toppen av det, og skal de komme noen vei så bør man – som den allemenne oppfatning er – også ha høyere utdanning, og da skal de gå der i enda noen år. Det strømlinjeformede utdanningssystemet har selvfølgelig enkelte – skal vi si – rasjonelle begrunnelser ved seg, men det har ikke det menneskelige aspekt som jeg ønsker at vårt utdanningssystemet skal ha.

Folkehøgskoleslaget representerer i så måte et veldig viktig menneskelig pustehull, et modningsår, et år der en har anledning til å prøve andre ferdigheter og kunnskaper som en har, treffe andre, bo på internat, kanskje komme bort hjemmefra for første gang. Det er mange sånne tilleggs-sider ved folkehøgskolen som gjør at vi ikke ønsker at folkehøgskoleslaget skal markeditilpasses og strømlinjeformes. Det er det vi holder på med når det gjelder resten av vårt utdanningssystem, og det er tilleggsbegrunnelsen for SV og grunnen til at vi i dag – og det er vi stolt av, det har jeg sagt – er med i flertallet som gir elever på folkehøgskolene tre poeng. Så får vi komme til rettferdighetene knyttet til andre tilleggs-poeng, og det begrundet jeg i min forrige replikk.

Presidenten: Replikkordskiftet er dermed slutt.

Jon Lilletun (KrF) (leiar i komiteen): Representanten Nybakk hadde ei spennande forsnakking her då ho sa at folkehøgskulen var eit eige «folkeslag». På ein måte er det ikkje heilt usant, heller. Det er klårt at historisk har dette skuleslaget hatt kolossalt mykje å seie for



Jon Lilletun

utviklinga av demokratiet vårt for å gi vanleg ungdom – kanskje først og fremst bygdeungdom, men òg vanleg ungdom frå heile landet – ei moglegheit, ein innfallsport, til utdanningssystemet, og for mange var det på ein måte den skulen dei fekk i tillegg til folkeskulen. Difor er det eit skuleslag som har hatt mykje å seie i norsk historie – mykje, mykje meir enn det vi i dag vedgår og er klår over når ein har fått ein ny situasjon. Det er opplagt at dette skuleslaget står i ein heilt annan konkurranse-situasjon når vi har fått rett til tre års vidaregåande utdanning for alle. Det er ei utfordring for skuleslaget. Men det er òg sjølv sagt at vi som lovgjevande og løyvande myndigheit må ha eit perspektiv på – dersom dette er verdifullt – kva slags rammevilkår vi gir og på kva måte vi legg til rette lovgjevinga for at dei verdifulle impulsane som dette skuleslaget har, framleis skal kunne hjelpe og vere til velsigning for norsk ungdom.

Eg er særst glad for, og Kristeleg Folkeparti er særst glad for, at det i dag er eit breitt fleirtal i Stortinget som står bak framlegga til vedtak. Kristeleg Folkeparti stør innstillinga frå komiteen på alle punkt. Innstillinga frå komiteen er eit resultat av eit grundig arbeid i komiteen, og eg vil gje sterk ros til sku-

leslaget sjølv og ikkje minst elevane. Den måten dei har marknadsført verdien av skuleslaget på for heile Stortinget, og spesielt komiteen, har vore sterkt medverkande til at vi er komne så langt som vi har.

Den hjelpa som vi fekk frå Regjeringa og meldinga, kan stort sett omtalast som statistikk. Eg har fleire gonger vore i tvil om korleis ein skulle oppfatte ei så tynn og visjonslaus melding. Var ho uttrykk for ei rådløyse i Regjeringa, slik at Stortinget måtte gjera jobben? Eller var ho uttrykk for at folkehøgskulen ikkje skal ha nokon plass i utdanningssystemet vårt? Men på eitt punkt vel eg å tolke Regjeringa positivt – det er viktig å ha også den dimensjonen med – og det er understrekinga av folkehøgskulen si frie stilling i utdanningssystemet. Det trur eg departementet og Regjeringa på, og det er eg glad for. Den innstillinga vonar eg at vi vil finne att i haldninga og måten som departementet vil administrere lova på.

Som eg sa tidlegare i eit replikkordskifte, er eg glad for at Arbeidarpartiet her i Stortinget i denne prosessen har synt meir vilje til å finne ein plass for folkehøgskulen, og at dei difor på dei fleste punkta er med i tilrådinga til vedtak.

Det er òg rett å nemne representanten Jørgen Holte, som på ein svært konstruktiv måte har formulert mykje av det som etter kvart er blitt fleirtalsgodset i innstillinga. Eg vil vise til hans innlegg. Eg er samd i absolutt alt som representanten Holte sa; det er òg gjeldande for denne representanten og Kristeleg Folkeparti. Eg vil spesielt nemne det som vart sagt om skuledokumentasjon. Den måten å fremme skuledokumentasjonen på, er det viktig at departementet merkjer seg, og at det på ein måte blir malen for korleis det skal gjerast.

Framstegspartiet, som, iallfall formelt, er opposisjonen i innstillinga, seier at det «ikke kan forsvares å opprettholde dagens bevilgningsnivå til folke-

høgskolene dersom det faglige innholdet i skolegangen ikke jevnt over holder et garantert faglig minimumsnivå, og at selve faginnstillingen innrettes i henhold til et relevanskraft for yrkeslivet eller senere utdannelse».

Eg fryktar at dette er noko av holdninga bak at Arbeidarpartiet i dag ikkje vil fylgje heilt fram når det gjeld stipend, og noko av grunngevinga for tenkinga i meldinga. Slik eg les dette, er det lagt ein-sidig vekt på kompetansegevinge og formell undervisning. Tankegangen legg vekt på at undervisninga skal formidle kunnskap, men då må eg spørje: kva for kunnskap? Kva for kunnskap er relevant for yrkesliv og seinare utdanning? Og er det berre førebuing for yrkesliv og høgare utdanning skulen skal drive? Er dette nok til å bli trygge og sjølvstendige menneske? Eg meiner denne tankegangen avslører seg sjølv, der menneskeleg utvikling berre er rett når ein kan omgjere ho til økonomiske storleikar. Og det er nettopp denne «rasjonelle» tankegangen som legg vekt på studieeffektivitet og målretting. Slik gjer vi no utdanningssystemet meir straumligneforma, frå førskulen via skulestart for 6-åringar, ny grunnskule-reform, Reform 94 til høgare utdanning. Mykje av det vi gjer, er rett, men i eit slikt system har det vore vanskeleg å finne plass til folkehøgskulen, og Regjeringa si melding ryddar heller ikkje den plassen. Det er grunn til å frykte at det er haldninga til kva som er relevant undervisning, som er grunnen til det.

Ein tankegang som berre legg vekt på relevans for yrkesliv og høgare utdanning, mister alt som heiter førebuing til Livet med stor L. Eg meiner at vi må ha eit skuleslag som utfordrar denne tankegangen, og som utfordrar unge til å tenkje annleis enn det skulebyråkratar og mange skulepolitikarar ønskjer; nemleg raskast ut i produktivt arbeid. Eg ønskjer heller elevar som vert trygge på seg sjølv, som finn ut kva som er deira

oppgåve og plass i livet, og som kan reise kritiske motforestillinger. Eg meiner elevar bør oppfordrast til å søkje skular som legg vekt på dette, og eg meiner folkehøgskulen nettopp kan ha denne rolla. Difor er Kristeleg Folkeparti villig til å gje tre konkurransepoeng for eit år på folkehøgskule.

Skulle det at folkehøgskuleelevene no får tre slike poeng, føre til at folk vel folkehøgskulen til forbetring i staden for eit privat gymnas, som berre forbetrar desimalar, ja, så er det heilt verdifullt det òg. Det er ikkje noko mindreverdige i det. Tvert imot er det positivt.

Folkehøgskulen skal sjølv sagt ha ei fri stilling, men det vert feil om ein berre peikar på menneskeleg utvikling og sosialpedagogiske oppgåver. Skulen skal også drive undervisning og fagleg utvikling, for desse tinga heng saman, og folkehøgskulen har alltid formidla kunnskap. Det må folkehøgskulen få gjere også i framtida. Det er nettopp dette samspelet mellom kunnskap, sosial læring og menneskeleg utvikling som set unge i stand til å møte Livet med stor L. Og det er her folkehøgskulen har sin plass i utdanningssystemet.

Eg veit òg at høgare utdanning har ting å lære frå folkehøgskulen. I Levanger har vi ei ingeniørutdanning som gir eit totimarskurs dei kallar «Førsteårsstudenten». Her set dei studenten sin kvar dag i sentrum og legg vekt på korleis det er å vere student, og korleis ein kan utvikle gode studievevanar og studentmiljø. Ideen og læraren har kome frå folkehøgskulen. Denne vinklinga på studiet er også med på å fremje studiekvalitet og læring. Det vert feil om ein trur at aleine gongetabellen og Pytagoras er læring!

I denne innstillinga legg ein også vekt på at funksjonshemma elevar skal kunne gå på folkehøgskule. Det mange skular opplever som eit problem, er dei strenge krava til dokumentasjon departementet no set. Forskriftene set krav når det gjeld psykisk, fysisk eller sosial funksjonshemming el-

ler lese- og skrivevanskar. Her er det naudsynt å sjå på dette grunnlaget og gjere noko med det.

Eg har òg merka meg at fleire folkehøgskular har problem med å få ta opp elevar frå fattige land. Her er problemet at dei ikkje får visum og opphaldsløyve – eller rettare sagt: Saksbehandlinga tek så lang tid at ein får klarsignalet først når ein er komen langt ut i skuleåret. Og det er ikkje så interessant å kome frå eit fjernt land til Noreg etter at skulen har vore i gang i fleire månader. Folkehøgskulane opplever at dette er urimeleg, og det gjer at folkehøgskulane får problem med sitt internasjonale samarbeid. Eg trur ikkje dette samarbeidet er eit trugsmål korkje mot den norske kulturen eller norsk innvandringspolitikk. Eg ber statsråden verkeleg gå inn i dette.

Eg er glad for at det er eit fleirtal som òg seier at ein vil gje rett til minstestipend òg opp til 20 år, og eg tolkar representanten Sanner sitt svar i dag slik – slik eg òg har rekna med – at Høgre vil stå ved dette – ikkje berre i dag men òg framover når det kjem til konkrete løyvsframlegg.

Til slutt: Gudmund Hernes sa ein gong at folkehøgskulen er Nordens bidrag til verdspedagogikken. I dag legg vi grunnlaget for at skuleslaget ytterlegare kan forbetre og vidareutvikle det bidraget til verdspedagogikken.

Presidenten: Det blir replikkordskifte.

Ellen Chr. Christiansen (uavh): Selv om representanten Sanner tidligere mente at jeg prøver å gjøre dette om til en debatt om hvor mange tilleggs-poeng førstegangstjenesten skal gi, vil jeg likevel ta opp dette spørsmålet – så også i forhold til Kristelig Folkeparti – spesielt fordi førstegangstjenesten tidligere har blitt satt i en særstilling. Landets vernepliktige vil også være interessert i å vite om Stortinget i det hele tatt har tenkt på dette i forbindelse med be-

handlingen av denne saken. Ønsket fra enkelte om å oversende spørsmålet kan vel kanskje indikere at man ikke har tenkt så nøye gjennom det. Jeg håper ikke det er riktig.

Sentrumskameratene er enige, skjønner jeg, slik de ellers pleier å være det. Og da går jeg ut fra at Jon Lilletun på lik linje med Jørgen Holte vil mene at folkehøgskolene gir viktig sosial læring. Ja, det gjør de sikkert, men det gjør vel også verneplikten? Men folkehøgskuleelevene skal altså få tre poeng ekstra for dette. Ellers sier Kristelig Folkeparti at folkehøgskolen er verdifull. Ja, men det er vel også verneplikten, er den ikke? Eller som SV sier, at det bl.a. er positivt at man bor på internat og kanskje flytter hjemmefra for første gang. Ja, men det gjør vel også de vernepliktige? Så det må vel kanskje være forskjellene mellom folkehøgskolen og verneplikten som gjør at man ikke automatisk vil støtte et slikt forslag. Og da blir det sagt, som Jørgen Holte sa, at de er vidt forskjellige fordi folkehøgskolene er frivillige. Ja, det er greit, men verneplikten er noe som noen blir pålagt, og det er jo denne sal som pålegger de unge dette, så vi kan vel ikke holde det imot de vernepliktige? Eller kanskje er det slik som Jon Lilletun sier, at folkehøgskolene oppfordrer til selvstendig tankegang. Og det er bra. Men jeg er ikke sikker på at denne salen mener at verneplikten skulle gjøre det, og hvis de mener at det er så positivt, skulle man kanskje se på verneplikten som sådan, hvis det er et argument mot å gi de vernepliktige tre poeng.

Jeg lurar på om det er i tråd med Kristelig Folkepartis tidlige engasjement i forhold til de vernepliktige at de som har avtjent verneplikten og ikke har gått på folkehøgskole, stiller bak de andre i køen i forhold til ellers lik bakgrunn, og om Kristelig Folkeparti synes de kommer i en god situasjon fra høsten -97.

Jon Lilletun (KrF): Det er spennende å ha representanten Christiansen tilbake her i Stortinget frå sin svangerskapspermisjon. Ho tilfører alltid debattane nye dimensjonar. Den rosen skal ho ha. Men er noko forundra i dag, for eg er jo spent på innlegget som kjem seinare, for hittil har ho berre snakka om militærtenesta. No er det slik at det å oppnå full rettferd er aldri enkelt – og denne representanten trur vel ikkje at vi får full rettferd før i himmelen, men vi skal jo gjere så godt vi kan her òg. Men det er likevel opplagt at det er ein prinsipielt enorm stor skilnad på ei militærteneste og ein skule. For ein del vil det vere snakk om begge delar – at ein først gjennomfører militærtenesta, og Stortinget har tidlegare sagt at det skal vere ei viss poengutteljing på det. Men det er ikkje slik at det vart gjort den gongen då ein hadde den store saneringa. Den store saneringa hadde ein fordi det var uoversiktleg – så sanerte ein, og ein sanerte alt. Så var hr. Kosmo ute i valkamp og sa at vi måtte ordne opp med poeng for militærteneste, og så blei det eitt poeng den gongen. Historieframstillinga er altså ikkje akkurat slik representanten Christiansen sa tidlegare.

Representanten Christiansen plar vere logisk, og det må jo vere mest logisk å sjå på alle andre poeng samla når vi får det som vi har bedt om. I dag behandlar vi folkehøgskulane, og då er det rimeleg at vi òg seier kva utteljing folkehøgskulane skal ha, og gjer oss ferdige med det. Men utover det er det rimeleg at ein ser dei andre tinga samla. Kristeleg Folkeparti er einig i det som ordførar for saka sa, at skal poeng ha noko poeng, må ein ikkje spreie poeng for breitt utover. Kristeleg Folkeparti vil vere restriktive generelt til at ein skal ha poeng på alt, og vi meiner at det skal vi sjå samla når den saka kjem.

Presidenten: Flere har ikke bedt om ordet til replikk.

Øyvind Vaksdal (Frp): Det er viktig i dagens skolesystem å ha et tilbud til unge mennesker som ikke umiddelbart er i stand til å tilpasse seg det ordinære videregående- og høyskolesystem, samt til unge som vil utvikle også andre egenskaper enn de rent faglige. Det er imidlertid ikke til hinder for at det stilles krav både til folkehøgskolens faglige innhold og til elevens resultatoppnåelse i disse fagene.

Også innenfor dagens organisering av folkehøgskolene er det mulig å gjennomføre et system hvor elevene kan avslutte sin folkehøgskolegang med et vitnemål basert på karakterer i de ulike fag eleven har valgt å arbeide innenfor.

Fremskrittspartiet mener at bare de skolene som utarbeider relevante og forpliktende skoleplaner, og som et minimum gir elevene tilbud om en gradert evaluering, skal være stønadsberettiget for statlig støtte.

Videre vil Fremskrittspartiet innføre stykkprisfinansiering, slik at søkingen til og opptaket ved den enkelte skole er avgjørende for hvilket statlig tilskudd som ytes. Et slikt system vil også gjøre det unødvendig å sette et minstekrav i forhold til elevsøking, da skolen selv vil avgjøre i hvilken grad man kan drive egen virksomhet ut fra det fastsatte stykkpristilskuddet.

Det er urimelig at elever som velger å gå på folkehøgskole, ikke skal gis noen uttelling i forhold til konkurransepoeng. Det bør selvsagt være en forskjell mellom passivitet og aktivitet. Dette må imidlertid knyttes opp mot et faglig utbytte, noe som forutsetter godkjente fagplaner og gradert evaluering. Fremskrittspartiet tar derfor til orde for at det gis to konkurransepoeng i tillegg til alderspoeng for fullendte folkehøgskolestudier, forutsatt at eleven underkaster seg et evalueringssystem, og at elevfram-møtet er 90 pst. For elever som ikke underkaster seg et gradert evalueringssystem, gis det ett tilleggs-poeng utover alderspoengene.

Jeg vil med dette ta opp de for-

slag som er fremmet av Fremskrittspartiet i innstillingen.

Presidenten: Øyvind Vaksdal har tatt opp de forslag han refererte til. Det blir replikkordskifte.

Trond Mathisen (A): Fremskrittspartiet pleier aldri å være beskjedne, verken i denne sal eller andre steder, når de ønsker å gjøre forandringer i samfunnet generelt. Hadde det ikke vært greiere for Fremskrittspartiet å si at de ønsker å legge ned folkehøgskolene, istedenfor i en samlet merknad fra mindretallet å signalisere at de er imot alt det grunnleggende folkehøgskolen står for, og ønsker å innføre et helt konkret pensum, ønsker å ha eksamen, ønsker å ha karakterer? Hvorfor sier man ikke like godt at man ønsker det etablerte skolesystemet? Isteden sier man at man ønsker å dreie skoleslaget så langt i retning av det etablerte skoleslaget at jeg klarer ikke lenger å se verdien i folkehøgskolen slik Fremskrittspartiet ser det.

Vil Fremskrittspartiet i neste omgang gå så langt, og si at vi ikke trenger folkehøgskolene?

Øyvind Vaksdal (Frp): Fremskrittspartiet ønsker ikke på noen måte å legge ned folkehøgskolene, som replikanten her hevder. Men Fremskrittspartiets klare målsetting er et høyere kvalitetsnivå på det faglige innholdet i skolen, og at resultatene skal være mer målrettet enn i dag. Stykkprisfinansiering bør etter min mening gi større handlefrihet, og skolenes ambisjonsnivå vil bli høyere all den tid søkingen til den enkelte skole vil være avgjørende for tilskudd og økonomien i skolen. Dette vil være med på å sikre et høyere kvalitetsnivå i skolen.

Presidenten: Flere har ikke bedt om ordet til replikk.

Lars Sponheim (V): Det er ingen tvil om at folkehøgskolene representerer et skoleslag som både besitter og formidler kompetanse. I



Lars Sponheim

et samfunn preget av konkurranse kan det være vanskelig å synliggjøre nettopp denne kompetansen hvis man ikke sørger for at denne kommer konkret til uttrykk i form av formell kvalifisering til videre utdanning og arbeidsliv. Det er derfor gledelig at stortingsflertallet går inn for å gi konkurransepoeng for et år på folkehøyskole. Dette vil kunne bidra til å heve folkehøyskolens status og innebærer en anerkjennelse av de mange gode undervisningstilbudene som nettopp folkehøyskolene gir.

Det er viktig at folkehøyskolene fortsatt får være et fritt, selvstendig og ubundet skoletilbud, som sikres en mer fri og ubunden plass i utdanningssystemet. Det er videre bra at flertallet nå får fram at det ikke er noen motsetning mellom dette målet og at elever på folkehøyskolene nå skal innrømmes konkurransepoeng. Samtidig er det klart at et ønske om fortsatt frihet for folkehøyskolene tilsier at skolen fortsatt får drive uten krav om innføring av pensum og eksamen.

Folkehøyskolens viktigste verdi ligger i deres frie stilling, som et selvstendig skoleslag drevet ut fra selve tanken om folkeopplysning, uten ytre styring. Folkehøyskolene bærer i seg det beste i norsk og nordisk folkeopplysningstradisjon. Idegrunnlaget for folkehøy-

skolene bygger ikke minst på et demokratisk, samtalebasert skoleslag som skaper identitet. Og det er nesten ikke mulig å stå her som Venstre-leder, som den tradisjonsbærer det også er, uten å peke på den klare sammenhengen mellom utvikling av venstrebevegelsen og folkehøyskolene og selve demokratiseringen og utviklingen av det moderne Norge. Er det en fellesnevner for både folkehøyskolene og utvikling av venstrebevegelsen, er det nettopp at kampen for det nasjonale har vært så tett sammenvevd med kampen om politiske og sosiale rettigheter. Derfor har vi på en måte en sunn nasjonalisme i Norge, og det er ikke minst folkehøyskolene å takke for denne utviklingen.

Folkehøyskolene representerer også noe helt særegent i utdanningssystemet vårt, både gjennom sin pedagogikk og ved at skolene drives som internatskoler. Folkehøyskolen er bygd på den grundtvigske skoletanke om å løfte fram de ressursene folk har i seg selv. Den er et godt supplement til videregående skole og høyere utdanning. I folkehøyskoleutdanningen er det å stille de rette spørsmål minst like viktig som å kunne gi de rette svar. Folkehøyskoler får nå henvendelser fra land i Øst- og Sentral-Europa nettopp på grunn av sin demokratibyggende form og vektlegging av kreativitet, samarbeidsevne og sosial kompetanse. Dette er noe det er all grunn til å være stolt av.

Det er ikke få som etter fullført utdanning og gjerne også etter noen år i yrkeslivet vil fremholde nettopp at året på en folkehøyskole var det mest lærerike av dem alle, mest av alt fordi mange får lære så mye om seg selv, i et aktivt samliv med andre ungdommer gjennom et intenst år. Folkehøyskolene gir på denne måten en litt annen kompetanse enn den vi får innenfor det tradisjonelle skolesystemet. Kanskje vi kan kalle det livskompetanse.

For uansett skolens livssyn virker folkehøyskolen med sitt skole-

syn og menneskesyn gjerne slik at enkeltmennesker får øye på både egenskaper og evner de har, og hvordan deres egen tilværelse henger sammen med andres. Men det er ingen tvil om at folkehøyskolene står overfor store utfordringer i årene som kommer.

I et samfunn hvor tempoet stadig skrus opp, og hvor konkurransen om å tilegne seg mest mulig formell kompetanse øker, er det ikke sikkert at like mange føler at de kan ta seg tid til et år på folkehøyskole. Skal dette litt annerledes skoleslaget fortsatt være konkurransedyktig, er det viktig at vi som folkevalgte legger til rette for nettopp det. Her er utvidet rett til minstestipend for elever som velger å ta folkehøyskolen som siste år i et fireårig løp, viktig. Det samme er ekstravektingen av kortkursene, en opprettholdelse av minimumsgrense på 35 elever for å få tilskudd og de tre konkurransepoengene som elevene får etter endt år. Så får folkehøyskolene selv ta opp hansken og sørge for at de har et attraktivt og oppdatert tilbud til elevene i vår tid. Blant annet kan vi se for oss at folkehøyskolene kan spille en mer sentral rolle etter hvert som stadig flere ønsker og søker etterutdanning.

Men det er verdt å merke seg at Regjeringen ønsker mange av de forslagene som nå er flertallets innstilling, annerledes. Og Venstre støtter derfor komiteflertallet på alle punkter og er glad arbeiderpartiregjeringen lider nederlag i Stortinget nettopp i politikken overfor folkehøyskolene. Sånn sett kan en være fristet til å si at synet på folkehøyskolene representerer en skillelinje i norsk politikk mellom de som forstår og verdsetter den folkeopplysningssiden folkehøyskolen bygger på, og de som framfor alt ønsker et rasjonelt og strømlinjeformet utdanningssystem slik at de kan bli effektive arbeidstakere og leve et A4-liv.

Erling Folkvord (RV): Den 27. september 1996 såg ut til å bli starten på ein nedtur for folkehøgskule-



Folkehøgskolen er minst like nødvendig i dag som da den første folkehøgskulen vart opna for drygt 132 år sidan.

len – den dagen la Regjeringa fram St. meld. nr. 51 for 1995-1996. Men så skjedde det utmerkte at elevar og lærarar og andre som ville forsvare og utvikle folkehøgskulen, tok utfordringa frå arbeidarparti-regjeringa og mobiliserte til ein brei kamp for å forsvare den skuleforma og dei verdiane som folkehøgskulen representerer.

Eg synest det er grunn til å gratulere med resultatet av den forsvarskampen, og også gratulere med at det har vorte ein så brei allianse i Stortinget som resultat av presset nedanfrå. Det er veldig gledeleg. Det er òg tankevekkjande at dei einaste som klarer å vere litt meir folkehøgskulefiendtlege enn Regjeringa var i sitt utkast, er Framstegspartiet med sine forslag i innstillinga. Anna gehør har ikkje Regjeringa vunne for den endringa som ho har lansert.

Folkehøgskulen er ein slags fri-plass i skulesystemet. Vi som likar det gamle slagordet «Gjør skolen

interessant – bort med karakterar og tvang!», synest det blir stadig meir bruk for ein slik fri-plass, særleg nå etter at tidlegare undervisningsminister Hernes har strømlinjeforma skulesystemet gjennom Reform 94 og Reform 97 – strømlinjeforma det i teoretisk retning. Dei nye læreplanane for den nye 10-årige grunnskulen inneheld forferdeleg mange fagre ord om pedagogiske formål – intensjonar – men når vi ser på dei konkrete pensumopplegga og ser dei i samheng med dei økonomiske vilkåra som den 10-årige skulen skal leve innafor, da veit vi at vi nå er på stødig kurs mot ein meir einsretta skule. Det blir etter kvart ein einsrettings-skule i staden for ein einskapsskule.

Om eit par dagar vil Stortinget innføre fingraderte karakterar i grunnskulen. Det er noko som skyv i stikk motsett lei av det som folkehøgskulen nå i dag får høve til å ta vare på. Alt frå 6-åringar til

16-åringar skal lære det same til same tid i den 10-årige skulen som undervisningsminister Reidar Sandal administrerer. Det skaper ein skule som premierer det å tenkje likt. Og når alle tenkjer likt, da er det lite som blir tenkt!

Folkehøgskulen er ei livskraftig utfordring til dette, ei utfordring og eit alternativ som derfor er minst like nødvendig i dag som da den første folkehøgskulen vart opna for drygt 132 år sidan. Det er nye utfordringar, men eg vil tru at det ville vore eit større tap for det norske samfunnet om vi hadde mista folkehøgskulen i dag, enn om ein hadde måtta avslutta førre århundret utan folkehøgskulen.

Eg skal ikkje gjenta alle dei ålreite honnørorda som er sagt om folkehøgskulen frå andre talarar tidlegare i dag, men eg trur vi skal vere klar over at arbeidarpartiregjeringa ville med St. meld. nr. 51 for 1995-96 gjennomføre ei gradvis avviking av folkehøgskulen sitt

særpreg. Raud Valallianse er glad for at komitefleirtalet avviser fleire viktige forslag frå Regjeringa, slik som forslaget om å ta statsstønad vekk frå skular med mindre enn 50 elevar i gjennomsnitt dei siste åra, forslaget om å ta vekk stipendrettar osv. Vi er også klar over at det ikkje er nokon grunn til å tru at det som skjer i dag, er nokon endeleg siger, men det er ein siger for folkehøgskulen, som må vere ei veldig viktig oppmuntring i kampen for å ta vare på og vidareutvikle folkehøgskulen sitt sjølvstende. Eg trur også at folkehøgskulen kjem til å vere ein inspirasjon for alle dei gode kreftene som finst innanfor den obligatoriske skulen – alle dei gode kreftene der som ønskjer å slåss mot den einsrettinga som dagens regjering dessverre står for.

Ellen Chr. Christiansen (uavh): Når man i dag hører på folkehøgskoletilhengerne, er det nærmest slik at man hører et religiøst engasjement.

Det er sikkert hyggelig å gå på folkehøgskole, men jeg må si jeg synes det har kommet mer enn nok honnrørder, for for meg er det ikke garantert at alle får så mye ut av et slikt år som det kan høres ut på debatten til nå.

Når det så gjelder finansieringen, er min oppfatning at folkehøgskolene på lik linje med veldig mye på mange måter blir en hobbybeskjeftigelse. Det er en investering i egen utvikling, og den burde behandles på lik linje med andre slike investeringer som ikke gir formell kompetanse. Den burde også i stor grad betales selv. Nå skal jeg ikke gå inn på det budsjettmessige, for det er forslag vi har fremmet jevnlig i budsjettdebattene. Men så lenge man har en masse andre kurs og tiltak for voksne og unge som gis støtte fra staten, kan det være rimelig at folkehøgskolene likebehandles på den måten, og at de også får støtte når organisasjoner som AOF og Aftenskolen og andre får det. Vi syns derfor en finansiering i tråd

med det Fremskrittspartiet har tenkt på, en form for stykkpris, kunne være riktig for å gi tilskudd til disse. Men primært sett mener vi at dette er noe som hører til utenom, på lik linje med andre kurs. Det er et fritt opplegg, men den fastsatte kompetansen kunne kanskje være bedre hvis man først skulle gi tilskudd.

Tilleggspoengene syns jeg er det viktigste i denne debatten. Komiteflertallet ønsker å redde folkehøgskolene fra en stille død ved at det nå er for få søkere, ved å gi bedre betalt for dem som går der. Det er sikkert et nobelt ønske. Men dersom folkehøgskolene er så verdifulle, hvorfor er det da ikke flere søkere? Hvorfor behøves det ekstra lokkemidler her som ikke gis til andre former for aktivitet som også virker positivt?

Man får tilleggs poeng ved å gå på folkehøgskole etter dagens vedtak, men det er ikke eksamen eller pensum, for komiteflertallet legger vekt på at folkehøgskolen representerer livs-, lærings- og handlingskompetanse. Og flertallet sier at folkehøgskolegang er bedre enn å ligge på sofaen et år og derfor bør belønnes. Jeg er helt enig i at det er bedre enn å ligge på sofaen et år. Men hva med andre former for beskjeftigelse som gir det samme? Hva med arbeid på gamlehjem? Det gir ikke poeng, selv ved opptak til sykepleierstudier. Au pair-jobb i Frankrike gir ikke tilleggs poeng, selv om du skal studere fransk senere. Gir ikke også denne typen aktiviteter livs-, lærings- og handlingskompetanse – uten at Stortinget ønsker å belønne det? Grunnen til at man fjerner og sårte konkurransepoengordningen var jo nettopp at det ble gitt til altfor mye. Men når man åpner for folkehøgskole, hva er da argumentet for ikke også å gi det til andre?

Man ønsker å gi tre kompetansepoeng for å hindre at folk tar grunnfag de ikke trenger, for å komme inn på ønskede og høyere studier. Den typen problemer kan løses på andre måter, og jeg tror vi uansett etter hvert må gjøre noe

med måten opptak til høyere utdanning foregår på. Men det er en annen debatt.

Det er eksplisitt innført en særbehandling når det gjelder verneplikten med hensyn til poeng, uavhengig av forhistorie. Denne intensjonen undermineres i dag. For hvor mye er Stortingets intensjoner verd dersom verdien av tiltakene devalueres etter noen år? På grunn av den spesielle forhistorien når det gjelder tilleggs poeng for verneplikt, er det naturlig å ta opp dette eksplisitt, fordi det handler om å holde fast ved tidligere uttalte intensjoner.

Det ryddige ville være fra flertallets side å vente med å gi folkehøgskolene tilleggs poeng inntil en helhetlig sak kan behandles av Stortinget. Da ville man sikre seg iallfall mot ubevisst forskjellsbehandling.

Med dagens vedtak underkjenner de vernepliktiges innsats. Hva slags signal er dette til landets mange tusen vernepliktige når de til høsten skal konkurrere om plasser innen høyere utdanning med elever som har sullet rundt på folkehøgskole i et år, og som opplever å få tre poeng? De vernepliktige vil altså få et handikap. Det er et problem som jeg ikke tror komiteen har tenkt over.

Vi ønsker ikke tilleggs poeng for folkehøgskoler i det hele tatt, fordi vi ikke ønsker en ny inflasjon av tilleggs poeng. Men ettersom Stortinget ser ut til å vedta dette, har vi altså fremmet det forslaget jeg tidligere har tatt opp. Jeg tror at innføring av tre tilleggs poeng for folkehøgskole er første skritt på veien mot en ny ordning med å innføre tilleggs poeng for alle mulige typer erfaringer, utdannelser eller beskjeftigelser som unge mennesker måtte finne det for godt å velge å bruke tid av sitt liv på. Det tror jeg ikke høyere utdanning i Norge vil være tjent med.

Presidenten: Presidenten mener at uttrykket «å sulle rundt» er så nedlatende at det ikke burde brukes fra Stortingets talerstol.

Tomas Norvoll (A): Arbeiderpartiet var ikke enig i at det skulle legges fram en egen melding om folkehøgskolene. Vi ønsket å se skoleslagets framtid i sammenheng med voksenopplæringsreformen, noe som ville vært fornuftig sett i sammenheng med at 70 pst. av elevene på folkehøgskolene er over 19 år. Det er altså i all hovedsak voksne folk vi har å gjøre med. Når vi likevel skal se på voksnes utdanningsmuligheter, ville det være naturlig å drøfte også folkehøgskolene i den anledningen. Men vi vil ikke lage noe stort poeng av dette. Meldingen kom, og den har fått en grundig behandling i komiteen.

Vi har hatt en omfattende høringsrunde og er enig med departementet i at det er viktig å utvikle skoleslaget på bakgrunn av den tradisjonen det har her i Norge. På en del områder går komiteen lengre enn forslaget fra departementet, stort sett er komiteen enstemmig. Det er derfor riktig å si at for en stor del er innstillingen et produkt som gjenspeiler fornuftige løsninger, omforente løsninger i komiteen, og at komiteen ønsket å stake ut folkehøgskolens kurs i framtida.

Men jeg er ikke helt overbevist om at alle de grep som gjøres i dag, vil vise seg å være bare til det beste for folkehøgskoletanken. § 2 i lov om folkehøgskoler sier bl.a.: «Folkehøgskolen skal i samsvar med sine tradisjonar fremje allmenndanning på ulike alders- og utdanningssteg.»

Dette viser at folkehøgskolen skal ha en plass i utdanningssammenheng på bakgrunn av sin historie og sin identitet. Det er vi enig i fra Arbeiderpartiets side. Vi vil understreke dette – det ikke er noe mål for oss å gjøre folkehøgskolen mest mulig lik andre skoleslag. Det kanskje viktigste grepet som gjøres i innstillingen, er at folkehøgskolene får konkurransepoeng, noe som tidligere talere har vært inne på. Dette er for å gi dem som har gått et år på folkehøgskole, kreditt for det. Men for oss er

det viktig at *det skal gis poeng for elever som velger folkehøgskole, elever skal ikke velge folkehøgskole fordi det gir poeng*. Med andre ord: Vi ønsker å påskjønne dem som velger et år på folkehøgskole, men vi ønsker ikke en folkehøgskole som blir en poengfabrikk, hvor hovedmålet blir å sikre seg de tre poengene skoleslaget gir. Det kan være farlig for folkehøgskolene.

Denne utviklingen er jeg redd for vil komme, særlig på bakgrunn av at flertallet også innfører en stipendieringsordning for folkehøgskolene som er bedre enn for annen utdanning. Jeg tviler ikke på at det er i beste mening. Men når man gjør det økonomisk fordelaktig å ta folkehøgskole framfor oftest høgere utdanning, i tillegg til at det teller mer ved opptak til regulerte studier, er jeg redd for at man kan trå over en grense.

Man innfører en ordning hvor folkehøgskolene har et bedre system enn videregående opplæring, sikkert for å sikre rekrutteringen til folkehøgskolene. Men det viktige må være at folkehøgskolen som skoleslag gjør seg attraktiv. Dette er for så vidt markedsstyrt, hvis man kan bruke et sånt uttrykk, hvor etterspørselen avgjør omfanget. Det er skolene selv som må gjøre seg lekke overfor mulige elever.

Jeg sitter med en følelse av at det viktigste for Stortinget i dag er å sikre at det blir elever på skolene – og at man dermed sikrer arbeidsplassene i distriktene – ikke å utvikle skoleslaget. Vi kan i verste fall – for å spissformulere det – få private poengfabrikker, ofte med et religiøst grunnlag. Jeg er forundret over at SV svelger det helt uten videre. Jeg vet ikke om det går i gal retning, og Arbeiderpartiet er med på veldig mange av de tingene som gjøres, men jeg er noe betenkt – og det må det være lov til å være, uten at Arbeiderpartiet skal bli kritisert for at vi ønsker å rive grunnlaget unna dette skoleslaget. Det må være lov å være betenkt, for jeg sitter med en følelse av at vi kan gjøre folkehøg-

skolene en bjørnetjeneste med deler av denne innstillingen, og så får tiden vise hvordan ting utvikler seg.

La meg få lov til å si – og det er litt utenom: Talere fra så godt som samtlige partier har snakket om at vi har fått et strømlinjeformet system, og at det er viktig at vi har folkehøgskoler. Ja, selvsagt er det viktig at man har pustehull, men jeg må spørre – og jeg tror ikke jeg får noe svar: Mener opposisjonspartiene virkelig at vi burde lage et utdanningsystem som er mest mulig knotete, så folk kan gå i hytt og vær og på kryss og tvers. Er det det som er meningen? Jeg regner ikke med å få noe svar – det er for så vidt en digresjon.

Og helt til slutt vil jeg si til representanten Christiansen – eller sersjant Christiansen er det vel riktig å si i denne sammenheng – at det forslaget som er lagt fram, har veldig mye godt i seg. Men jeg tror nok uansett at det riktige er – og det ligger også i argumentasjonen til Ellen Chr. Christiansen – at man ser ting i sammenheng, og at man venter på den meldingen som skal komme, så vi ikke, i tilfelle det er galt når det gjelder folkehøgskolene, gjør enda en feil, men ser ting i sammenheng og ser på alle de stedene det er mulig å få poeng, for å få et system som henger i hop på alle bauger og kanter.

Sigurd Manneråk (Sp): Siden 1864 har vi hatt folkehøgskoler i Norge. Skoleslaget ble startet for å føre noe nytt inn i skolen. Det skulle legges stor vekt på det levende ord. Elevene bodde på skolen og opplevde fellesskap både i skoletimer og i fritiden. Skoleslaget ble også gjerne kalt skolen for livet og var en allmenndannende skole som gav kunnskap og livskompetanse. For mange av våre foreldre og besteforeldre var dette skoleslaget den høyeste utdanning de fikk.

Folkehøgskolene har alltid vært bærere av nasjonale og kristne verdier. Folkehøgskoleåret gav utsyn, men det gav også innsyn i det å være menneske og det å være

medmenneske. For mange elever ble året ved folkehøgskolen en vekking til folkelig engasjement i samfunnsliv og kristenliv i vårt land.

Folkehøgskolene har sin pedagogiske forankring i folkeopplysningsideene fra Nikolai F. S. Grundtvig, og i skoleslagets 133-årige historie har elevgrunnlaget variert. Konkurransen fra andre skoleslag har presset på – først 9-årig grunnskole, så lovfestet rett til 3-årig videregående skole, Reform 94. Men også mange andre tilbud på høgskolnivå har gitt folkehøgskolen konkurranse. Men skoleslaget har vist overlevelsessevner og vilje til omstilling og har stadig utviklet nye, alternative kurs.

Folkehøgskolen har alltid vært en karakter- og eksamensfri skole. Undervisningen legger stor vekt på å formidle kunnskap gjennom samtaler og dialog. Elevene får også økt kompetanse, erfaring og ferdighet i et voksenmiljø, der samspillet mellom elever og personalet står svært sentralt. Skoleslaget har i dag en rekke linjer, bl.a. sosiale fag, idrettsfag, musikk og forming. Ved å bo på internat lærer elevene å omgås hverandre og utvikle sosiale antenner, men internatlivet gir også rikelige muligheter til sosiale og praktiske erfaringer i de mangfoldige aktivitetene som foregår på skolen utenom ordinær skoletid.

Til tross for skolenes omfattende opplegg, har aldri skoleslaget blitt verdsatt med formell kompetanse eller konkurransepoeng. Spørsmålet om hvilken kompetanse folkehøgskolen skal gi, har vært drøftet i mange sammenhenger og over lengre tid. Gjennom disse drøftingene kom det klart fram at skoleslaget gir realkompetanse som viser seg bl.a. gjennom studiedyktighet for videre skolegang og utdanning, aktivt samfunnsengasjement, forberedelse til yrkes- og arbeidsliv, personlig utvikling, sosial og mellommenneskelig dyktighet og kommunikasjonsevne. Studier av skoleslaget viser også at folkehøgskolene har spesielle for-

utsetninger for å kunne formidle disse verdier. Både arbeidsmåte og læringsmiljø berettiger en karakteristikk av skoleslaget som skolen for allmenndanning og personlighetsutvikling.

I dag viser altså Stortinget at det verdsetter de verdier som folkehøgskolene formidler, med å gi dem konkurransepoeng og bedre stipendmuligheter. Og la det være sagt: Folkehøgskolene fortjener fullt ut det håndslaget som Stortinget i dag gir dette skoleslaget. Skolenes historie dokumenterer at skoleslaget har gjort seg fortjent til en slik verdsetting. Å gi folkehøgskolene formell kompetanse viser at en verdsetter allmenndannende kvaliteter i tillegg til rent faglige.

Det er Senterpartiets klare mening at dette skoleslaget fortsatt vil ha stor verdi for tusenvis av elever. Det er også av stor verdi i seg selv at ikke vårt totale skolesystem blir for A4-preget. Folkehøgskolene bidrar til en mangfoldighet i vårt skoleverk som er meget verdifull, og som har gitt og kommer til å gi mange elever ny gnist. Men også det offentlige skoleverk har mottatt viktige impulser fra folkehøgskolene. Argumentet om at realkompetanse vil presse folkehøgskolene inn i en karakter- og eksamensbasert vurderingsform, er tilbakevist av en samlet folkehøgskole og Folkehøgskolerådet.

Det er all grunn til å tro at en generell verdsetting av skoleslaget vil sikre folkehøgskolenes frie stilling og en framtidig plass i det norske skolelandskapet. Folkehøgskolen skal fortsatt være en skole for livet – en skole som bygger på tradisjon og dermed gir rotfeste – men den skal også være en skole som er åpen og nytenkende, og som gir sine elever mot til å møte en omskiftende framtid.

(Jorunn Ringstad hadde her teke over presidentplassen).

Statsråd Reidar Sandal: I skulehistorisk og pedagogisk saman-



Reidar Sandal

heng drøftar vi i dag eit skuleslag med nordiske røter. At folkehøgskulen, etter meir enn 150 år i Danmark og vel 130 år i Noreg, framleis vekker debatt og har aktualitet, viser at det er livskraft i ideane bak skuleslaget. Både tilpassing til og truskap mot tradisjonen har vore nødvendig for å komme velberga gjennom ulike samfunnsforhold og skiftande pedagogiske retningar. At folkehøgskulen i dag både er ei idérørsle og eit skuleslag i Noreg, viser at den fyller eit behov i samfunnet. Kan hende er det slik at folkehøgskulen i dag har større oppgåver i å møte kompetansebehova i samfunnet enn på lenge.

I lov om folkehøgskular heiter det:

«Folkehøgskolen skal i samsvar med sine tradisjonar fremje allmenndanning på ulike alders- og utdanningssteg.»

Stortingsmeldinga om folkehøgskolen som vi i dag debatterer, byggjer på lovparagrafen som seier:

«Folkehøgskolen er ein pensum- og eksamensfri skole.»

Det blir derfor i meldinga slått fast at modellen med folkehøgskulen som eit sjølvstendig, ubunde opplæringsstilbod er den som best sikrar at folkehøgskulen – med sin særmerkte tradisjon – har den

plassen den bør ha i norsk utdanning i framtida. Dette synet på folkehøgskulen sluttar òg fleirtalet i komiteen seg til når det peikar på at «folkehøgskolen framleis skal vere ein sjølvstendig, ubunden og eksamensfri skole».

Eg konstaterer at somme har framstilt det slik at Regjeringa har eit anna syn på desse grunnleggjande spørsmåla om folkehøgskulen. Det er ikkje tilfellet, og eg viser igjen til kva meldinga faktisk seier om dette. Basis for argumentasjonen i meldinga om verdsetjing og kompetanse er nettopp å halde på og utvikle vidare folkehøgskulen som ein sjølvstendig, ubunden, pensum- og eksamensfri skule. Engasjementet i og debatten om folkehøgskulane er positiv og viser den livskrafta som skuleslaget har. Det lovar godt for ei positiv vidareutvikling av skuleslaget.

Eg har elles merka meg at eit fleirtal i komiteen vil gå lenger enn Regjeringa når det gjeld økonomiske og administrative ordningar for folkehøgskulen framover.

Folkehøgskulen sin plass i eit samfunn i endring kan ein ikkje fastleggje utan å ta omsyn til endringar og behov i andre delar av utdanningssystemet. Reformene i vidaregåande opplæring og i høgre utdanning og framtidige ordningar for etter- og vidareutdanning for vaksne vil påverke rekrutteringsgrunnlaget for folkehøgskulane. Kva omfang skuleslaget kan ha på noko lengre sikt, vil avhenge av kvaliteten på opplæringa og i kva grad innhaldet og strukturen i utdanninga dekkjer reelle utdanningsbehov.

La meg så gå over til å kommentere nokre av forslaga i innstillinga.

Spørsmålet om ei formell verdsetjing av den kompetansen folkehøgskulen gir den enkelte eleven, er blitt eit hovudspørsmål i debatten om meldinga.

Det er sjølv sagt ingen original observasjon at vi ikkje er komne langt nok i å finne ordningar som

tar omsyn til den faktiske kompetansen som den enkelte har, og som ikkje kan dokumenterast gjennom det offentlege utdanningssystemet. Derfor har Regjeringa sagt at spørsmål om dokumentasjon og verdsetjing av realkompetanse skal vere ei sentral oppgåve for det offentlege utvalet som no greier ut spørsmål om etter- og vidareutdanning. Eg kunne ønskt at folkehøgskulen kunne blitt vurdert i lys av denne utgreinga.

Dokumentasjonen som ligg føre frå kompetanseprosjektet, fortel at folkehøgskulen kan gi ei opplæring for allmenndanning og livskompetanse. Stortinget har no valt å setje ein verdi på dette i forhold til vidare utdanning med konkurransepoeng. Det vil seie at Stortinget ønskjer å ta opp igjen eit prinsipp som hadde utarta på ein slik måte at det måtte til ei fullstendig sanering i 1992. Fleirtalet i kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen støtta dette arbeidet og sa m.a. i Innst. S. nr. 200 for 1991-92:

«Flertallet ser behovet for dette oppryddingsarbeidet og støtter Regjeringens arbeid på dette punkt.»

Eg vil streke under at dette var ei viktig opprydding.

Komiteen ber om ein gjennomgang og ei vurdering av bruk av poeng for andre utdanningstilbod enn folkehøgskulane ved opptak til høgre utdanning. Eg vil komme tilbake til Stortinget med ei slik vurdering. Der vil eg m.a. gjere ei vurdering av den noverande ordninga for opptak til høgre utdanning.

Når det gjeld framlegget om konkurransepoeng for folkehøgskulen frå og med skuleåret 1997-98, reknar eg med at ein i Stortinget er innforstått med at det er mykje som må gjerast før vedtaket og prinsippet er operativt, både i forhold til dei enkelte folkehøgskulane og dei høgre utdanningsinstitusjonane. Sjølv om rapporten frå kompetanseprosjektet i folkehøgskulen har ei brei utgreiing om

skuledokumentasjon, er ei gjennomarbeiding av omgrepet nødvendig før det blir eintydig og operativt som forvaltningsprinsipp.

I dag er regelen den når det gjeld kortkurs, at minst 35 pst. av undervisninga på kvart kurs skal vere ved skulen sine eigne lærarkrefter. Då dette kravet kom inn i forskriftene i 1985, var det for å sikre den heilskap ein ønskjer det skal vere over verksemda på ein skule, og for å unngå at kortkursa skulle bli ei filialverksemd ved sida av hovudkursa. Det same ligg bak kravet om at minst 50 pst. av verksemda skal komme frå kurs som er 16,5 veke eller lengre, og at skulen òg på samarbeidskurs skal ha det pedagogiske og administrative hovudansvaret. Når fleirtalet i komiteen gjer framlegg om at 35 pst.-regelen ikkje skal gjelde på enkeltkurs, men som snitt på årsbasis, kan dette føre til ei utvatning av kortkursverksemda og føre inn ei form for oppdragsverksemd som lett kan falle utanfor allmenndanningsprinsippet.

Eg reknar med at merknaden om at lærarar frå andre nordiske folkehøgskular er ein ressurs på linje med skulen sine eigne lærarar, ikkje tyder at dei skal reknast som tilsette ved skulen i forhold til kortkursverksemda.

Dersom regelen blir endra slik fleirtalet i komiteen gjer framlegg om, må ein i alle fall syte for at regelverket elles sikrar at kortkursverksemda ikkje blir eit framandelement i folkehøgskulen som bryt med dei mål og intensjonar ein har for skuleslaget. Det er grunn til å minne om at det for kort tid sidan var nødvendig med ein grundig gjennomgang av heile kortkursverksemda.

Etter at folkehøgskulen no har drive kortkursverksemd i over ti år, meiner Regjeringa det ikkje er nødvendig med ekstraressursar på dette feltet. Skulane har vunne erfaring og utvikla ein kompetanse i å arrangere kortkurs som skule gjere ekstra ressursar unødvendige. Det er hovudkursa som er

kjerneverksemda i folkehøgskulen. Sjølv om mykje kan tyde på at kortkursa vil vere svært aktuelle i den perioden vi står framfor, må ikkje dette rokke ved det faktum at hovudkursa skal stå for størstedelen av verksemda. Og her vil eg utfordre skulane til å vurdere om ikkje halvårskursa bør få ein større plass når ein tenkjer på det rekrutteringspotensial som ligg i godt vaksne menneske.

Eit fleirtal i komiteen vil gi folkehøgskuleelevar rett til utvida minstestipend til dei er 20 år. Eg vil komme tilbake til dette i samband med budsjettet.

Meldinga varslar ein grundig gjennomgang av spørsmål som har med funksjonshemma og folkehøgskulen å gjere. Departementet vil straks setje i gang med den, m.a. i forhold til stortingsmeldinga om handlingsplan for funksjonshemma. Det gjeld både dei tilboda dei spesielle skulane for funksjonshemma gir, og det som skjer på dei andre skulane.

Folkehøgskulen er ein naturleg del av vaksenopplæringsfeltet, og det blir nødvendig å ha folkehøgskulen med når det skal leggjast ein handlingsplan for vaksenopplæring og etter- og vidareutdanning, slik Stortinget har bede om. Vedtaka som blir gjorde i dag, vil leggje rammene for verksemda i åra framover. Rammene gir føresetnadene, men sikrar i realiteten ingen resultat. Det er no opp til skuleslaget og enkeltskulane å vise kva dette kan føre til i den pedagogiske kvardagen. Eg vil poengtere at det no er viktigast at den enkelte skulen maktar å bygge opp tilbod med relevans og kvalitet og å marknadsføre desse på ein god måte. Den oppfatninga deler òg fleirtalet i komiteen. Dersom det skjer, vil folkehøgskulane gi god læring og erfaring for allmenndanning og utvikling av personlegdommen.

Presidenten: Det blir replikkordskifte.

Jørgen Holte (Sp): Eg er glad for

at innlegget til statsråden ikkje presenterte det nedtrekket av folkehøgskulene som skuleslag som meldinga Stortinget fekk den 27. september i fjor, gjorde. Eg festa meg sjølvstøtt ved at statsråden var opptatt av å presisere at der låg lysglimt i den viktigast at den enkelte skulen maktaonen i innstillinga var i samsvar med dei få lysglimta som låg i stortingsmeldinga, og det lovar bra for framtida.

Det er spesielt to ting eg vil nemne: Statsråden var veldig opptatt av ei sak som vi har skildra millimeter for millimeter, og eg vil oppmode statsråden om å fotgå vidare Stortinget sitt syn på det som har med kortkurs å gjere, og ikkje gå i dei grøfter som er lett å gå, i frå den eine til den andre, som eg faktisk oppfatta at statsråden var i ferd med å gjere. Fleirtalet i komiteen har vore veldig opptatt av at kortkursa ikkje skal bli – det har vore nemnt ei sånn fabrikkproduksjonssak – og nærmast ein butikk ein driv på med på sida. Eg oppmodar statsråden om nøye å sjå kva komiteen har nemnt om dette punktet.

Eg vil også seie meg svært tilfreds med å kunne tolke statsråden dit at når det gjeld utvida minstestipend, under føresetnad av at V blir vedtatt i dag, vil han kome med løyving til utvida minstestipend i revidert nasjonalbudsjett til våren.

Statsråd Reidar Sandal: Eg synest nok – dersom vi ser dagen under eitt – at det er ei viss rørsle i representanten Holtes argumentasjon. Eg lytta til det hovudinnlegget han hadde tidlegare i dag, der han var sterkt fordømande i forhold til den meldinga som Regjeringa har lagt fram i den saka vi no diskuterer. Men eg konstaterer at Holte etter moden ettertanke er komen til at det synspunktet i høgste grad må reviderast på bakgrunn av ein del av dei faktiske påpeikingane, konstateringane som er gjorde bl.a. i mitt innlegg.

Eg har lyst til å understreke at

den agitasjonen som somme har ført i retning av at Regjeringa vil slå beina under folkehøgskulen som skuleslag, har vore ukorrekt, og den er det. Eg trur òg framtida vil vise at det har vore eit falsum frå fyrst til sist. Eg erkjenner at folkehøgskulane har ein plass, faktisk ein interessant plass, i det norske utdanningssystemet. Men det er mi oppgåve å prøve å plassere dette inn i ein slik samanheng at ein ikkje taper perspektivet i forhold til resten av utdanningstilbodet.

La meg òg seie at eg ikkje har tenkt å gå i nokon grøfter, korkje når det gjeld kortkurs eller andre spørsmål som representanten Holte var opptatt av. Eg har lese veldig nøye dei merknadene som komiteen har gitt på det punktet, men eg har tillatt meg å peike på at komiteen òg må sjå dei farane som kan ligge i det å prøve å dreie hovudverksemda vekk frå årskursa, som har vore og som eg trur òg blir ei hovudkjelde, over til noko anna. Det er den nyanserte debatten òg på dette punktet eg meiner det er behov for.

Jon Lilletun (KrF): Eg vil seie meg glad for at statsråden snakkar positivt om folkehøgskulens livskraft og historiske verdi. Eg er òg glad for at han så klårt sa at når det gjeld funksjonshemma, så skulle ein gå nøye gjennom det, følgje opp og forbetre.

Så til den delen som gjeld kommentarane til Stortinget sine forbetringar, som eg vil kalle det. Då må eg nok seie at entusiasmen ikkje var heilt påfallande hos statsråden. Eg har forståing for at han treng å problematisere, og at han treng å røykleggje ein del tilbake, men det var vel mykje av det. Eg treng faktisk ei stadfesting av at statsråden aktar å følgje opp desse tre konkurransepoenga som Stortinget i dag vil vedta, og ikkje ha ei ny vurdering av dei når vi får den samla meldinga. Vi skal ha ei samla melding, og eg og fleirtalet har sagt at vi ikkje skal øydeleggje poenget med poeng med å ause på

med det, men akkurat desse står faktisk fast etter stortingsfleirtalet sitt syn.

Så var det eit punkt til som eg gjerne vil ha ein kommentar til. Det er ei rekkje folkehøgskular som har opplevd at dei får svar på søknader om visum og opphaldsløyve i oktober, november og til og med i desember. Her er det opplagt at det er ein annan praksis enn når det f.eks. gjeld ANSA-elevar, som stort sett kjem frå vestlege land, men der det òg trengst ei behandling. Vil statsråden ta eit initiativ til å sørge for at folkehøgskuleelevar får same type behandling som ANSA-elevane får, og at svar kan liggje føre før skulestart, dersom dei er leverte inn i anstendig tid?

Statsråd Reidar Sandal: La meg først få lov å seie til representanten Lilletun at det er relativt sjeldan eg høyrrer det blir framstilt slik at det å føre ein politisk debatt, det å problematisere, drøfte og nyansere, er røyklegging av ei sak. Eg trur nok at dersom representanten Lilletun vil debattere utdanningsspørsmål eller andre spørsmål med meg i tida framover, så vil han stadig møte denne tilnærminga. Eg skal iallfall love at eg ikkje vil forveksle ulike oppfatningar, andre nyansar, med omgrepet røyklegging.

La meg få lov å svare veldig klart på representanten Lilletun sitt spørsmål om eg aktar å følgje opp det vedtaket som det ser ut for at Stortinget vil gjere seinare i dag, om å gje tre konkurransepoeng til elevar som går på folkehøgskule. Svaret er ja på det spørsmålet.

Så vil eg òg følgje opp det som fleirtalet i komiteen ber om, å få lagt fram ei sak der ein ser på heile poengsituasjonen for resten av det høgre utdanningssystemet. Det blir ei vanskeleg og krevjande sak å fremje, og det blir ei minst like vanskeleg sak å handtere når den kjem til behandling her i huset.

Så til det andre spørsmålet som representanten Lilletun tok opp. Det knyter seg til behandlingstida

for søknader om opphaldsløyve. Eg vil ta det opp med den rette instans, som ikkje er mitt departement, men Justisdepartementet, og nemne det forhold som representanten Lilletun peika på. Eg er opptatt av at vi ikkje skal bruke unødig tid, men at ein skal få ei så rask behandling som mogeleg av søknadene, innafor det regelverk som eksisterer.

Øystein Djupedal (SV): Når historien skal skrives om dagens debatt, håper jeg at det ikke blir Regjeringens melding til Stortinget som vil legge grunnen for den, men det Stortinget har sagt gjennom sin innstilling, og ikke minst gjennom de vedtak som gjøres her i dag.

Det er ikke spesielt interessant – det er jeg enig i – hvilke motiv departementet og statsråden eventuelt måtte ha hatt for å legge fram en stortingsmelding som til de grader er blitt maltraktert, eller skal vi si endret – jeg vil ikke bruke ordet maltraktert, men endret av Stortinget i positiv retning. Det er ingen ting av det departementet opprinnelig foreslo, som har gått igjennom i Stortinget. Jeg er veldig tilfreds med det. Jeg tror ikke departementet har hatt som motiv å slå bena under det skoleslaget, men realiteten i det som lå i meldingen, ville jo ha vært det. Så når man kan si det fra Stortingets talerstol, er jo det riktig. Jeg tror nok at statsråden har et oppriktig ønske om at dette skoleslaget skal forbli, og det får det forhåpentligvis bedre grunnlag for gjennom de vedtak Stortinget senere i dag vil gjøre.

Jeg la også merke til at statsråden nå veldig klart sa at dette med poengberegning som vi har tatt til orde for, også den saken skal statsråden komme tilbake til i tråd med det Stortinget i dag sier.

Statsråden har ikke berørt det som går på minstestipend. Spørsmålet om minstestipend har Stortinget, også inkludert Arbeiderpartiet, tidligere gjort vedtak om. Vi hadde forventet at statsråden

ville komme tilbake til det. Det har han ikke gjort. Vi gjør altså på nytt i dag et vedtak – forhåpentligvis da – men denne gangen uten Arbeiderpartiet.

Jeg la merke til at statsråden snakket seg så varm om andre spørsmål at han ikke rakk – kanskje – å komme tilbake til det spørsmålet. Men nå skal jeg stille ham kun det ene spørsmålet, slik at det ikke fins mulighet til å snakke seg bort: Vil statsråden følge opp det vedtaket om minstestipend som Stortinget sannsynligvis vil gjøre om kort tid etter dagens debatt – altså romertallsforslaget? Det er et forslag som tidligere er vedtatt, også med Arbeiderpartiets støtte. Jeg har forstått det sånn gjennom representanten Norvoll og andre fra Arbeiderpartiet at det ikke er noen stor entusiasme for det, men det forhindrer ikke at et flertall er et flertall.

Statsråd Reidar Sandal: Representanten Djupedal stilte eit spørsmål – og det skal han få klart svar på – men kom før det med eit resonnement og ei konstatering som er ukorrekt. Derfor må eg få lov til å kommentere det først. Representanten Djupedal la det resonnementet til grunn at ingenting av det som Regjeringa har foreslått i meldinga, går igjennom. Dersom ein greier å komme til det resultatet etter å ha jobba med denne saka, har ein i alle fall ikkje sett på kva Regjeringa seier om det som skal vere grunnlaget for folkehøgskulen, kva slags eigenart dette skuleslaget skal ha, og kva slags fundament det skal byggjast på. Eg har i innlegget mitt peika på at den oppfatninga som fleirtalet i komiteen og Regjeringa har på dette punktet, er heilt samanfallande. Eg har òg med interesse og for så vidt med glede konstatert at leiaren i komiteen faktisk har vore både generøs og korrekt nok til å peike på dette samanfallet.

Så til spørsmålet som representanten Djupedal stilte om minstestipend. Det spørsmålet blei behandla av komiteen i haust i

Budsjett-innst. S. nr. 12, og eit fleirtal gjekk inn for at ein skulle ha minstestipend for folkehøgskuleelevane. I samband med salderingsinnstillinga rett før jul sa Stortinget sitt fleirtal at ein ikkje skulle ha det. Så seier fleirtalet i komiteen i dag at ein ønskjer ei slik ordning. Eg synest nok derfor at representanten Djupedal ikkje berre skal harselere med andre si oppfatning, men òg sjå på dei ulike signala som dette huset har gjeve om same spørsmålet på ca. 2 månader. Eg har sagt – og la meg streke under det – at eg vil komme tilbake til dette spørsmålet i samband med budsjettet. Det sa eg faktisk i innlegget mitt, sjølv om Djupedal prøvde å framstille det annleis.

Presidenten: Replikordskiftet er slutt.

Ole Johs. Brunæs (H): Den 23. mai 1910 skrev Jon Sørensen, grunnleggeren av Eidsvold folkehøgskole, følgende i beretningen om skolens tilblivelse:

«Forøvrig er skolen almendannelsens skole. Vi mottar elever fra alle stender og klasser, meddeler de kunnskaper og den dannelse ethvert menneske i hvilkensomhelst stilling har bruk for. Hvis en ung mann eller kvinne etter en vinter på ungdomsskolen ved sitt liv legger for dagen at han eller hun er blitt er mere våkent, et mer varmt, et mer villende menneske enn før, så er dette skolens første og største mål. Da blir han eller hun også et dyktigere menneske, fullt så meget som ved den sum av kunnskaper som kan erverves på et kort kurs. Er først ens indre, ens innerste, der hvor hjertet, viljen, har sitt sete, kommet i rett skikk, så kommer det andre man søker desto sikrere. Så utfolder alle gode krefter seg, å arbeide i sitt ansikts salte svette er da ingen forbandelse, men «en frydfull trang».»

Samfunnet har endret seg mye etter den tid. Det har hele vårt utdanningssystem også gjort. Men sitatet fra Jon Sørensen viser en

holdning til demokratiet og til det enkelte mennesket som fullt og helt står på egne ben her i 1997, tre år før tusenårsskiftet.

Vårt kompliserte samfunn trenger mangfold og ulike tilbud for å kunne møte ulike ønsker og derved imøtekomme flest mulig menneskers behov for å kunne til egne seg kunnskap og erfaringer.

Komiteen har i denne saken gjennomført en prosess det står respekt av. Komiteens flertall sørget for å invitere til en gjennomgripende diskusjon om folkehøgskolenes fremtid i utdanningssamfunnet. I vårt etter hvert mer og mer spesialiserte samfunn – det går som et edderkoppnett over de fleste områder og sektorer i samfunn og næringsliv – må vi i sterkere grad bringe inn kunsten å fungere sammen, kunsten å snakke sammen, dialog, kunsten å samarbeide, å fungere sosialt, ta hensyn og respektere på tvers av interesser. I det teknologiske og spesialiserte samfunn er holdningsskaping viktigere enn noen gang.

Folkehøgskolene krysser kulturgrenser og religioner gjennom sin tverrfaglige og holdningsskappende virksomhet, øker forståelsen mellom ulike samfunnsgrupper og mellom ulike kulturer, og jammen er dette noe vi må satse videre på for å opprettholde respekt og forståelse mellom menneskene i vårt land. Komiteens klare flertall legger vekt på allmenndanning, modning, dugleik, dømmekraft og livssyn som vesentlige ledd i folkehøgskolenes innhold i undervisningen.

At mangfold og valgmuligheter foreligger i våre utdanningstilbud, er vesentlige betingelser for demokrati og for anerkjennelse av det enkelte menneskets integritet. Vi har ulike interesser. Ikke alle ønsker å bli skomakere, bedriftsøkonomer eller saksbehandlere i et departement. Personlig og sosial læring og erfaringsoppbygging vil ha en naturlig plass i vårt utdanningssystem, og disse områdene blir godt dekket av folkehøgskole-

ne. Nettopp at det er plass til skoler med ulikt verdigrunnlag og rett til å sette verdispørsmål på tavlene, er bra for den enkeltes muligheter til fordypning og det å tenke gjennom egen situasjon og verdivalg.

Jeg er glad for flertallets forslag om at et år på folkehøgskole skal gi uttelling i form av konkurransepoeng, i tillegg til alderspoeng, på de premisser flertallet setter i innstillingen.

Folkehøgskolene har levd et delvis usikkert liv. Denne innstillingen – med det klare flertall som foreligger i komiteen og med den stilling Arbeiderpartiets representanter i komiteen har tatt, og som ikke er i overensstemmelse med departementets forslag – vil gi arbeidsro og gi skolene bedre muligheter til utvikling av tilbudene, og de vil i større grad kunne tilpasse tilbudene i takt med samfunnsutviklingen og de behov for læring og undervisning som følger av denne.

Marit Nybakk (A): For Arbeiderpartiet og Regjeringen har det i hele prosessen med behandlingen av folkehøgskolenes plass i det nye utdanningssamfunnet vært avgjørende å verne om skoleslagets egenart, og jeg synes nok at en del av de innleggene vi har hørt, både fra denne talerstolen og andre steder, kunnet vært dempet noe i den forbindelse. Man skal kanskje av og til være litt varsom med å trekke andres motiver i tvil. Sammen med studieforbundene har folkehøgskolene vært viktige formidlere for folkeopplysningen i norsk utdanningshistorie. På samme måten som tillitsmannsopplæringen i fagbevegelsen og de tusener av studieringer har formet den norske velferdsmodellen, har folkehøgskolene gitt unge mennesker fast grunn under føttene og styrket deltakelse og demokrati i samfunnet. Det bør vi være enige om.

Vi bør videre være enige om at folkehøgskolen skal være et pedagogisk verksted som mer enn noe

annet skoleslag utvikler sosial kompetanse hos mennesker som har hatt behov for et modningsår, og ikke minst gir dem identiteten talerstolen og andre steder, kor på internat og flytter hjemmefra, kanskje for første gang. For et par – tre år siden hadde jeg et møte med representanter for folkehøgskolene, og jeg bad dem da finne sin plass og sin egenart, ikke minst i relasjon til det nye utdanningssystemet, Reform 94, og Norges-nettet for høyere utdanning. Den eneste kritikken jeg vil gi Folkehøgskolerådet og representanter for folkehøgskolene, er at de bare i liten grad har vært villig til å gjøre nettopp dette, at det har vært liten vilje til å gå inn i en dialog nettopp om den plasseringen folkehøgskolene bør ha, f.eks. i forbindelse med den nye etter- og videreutdanningsreformen.

Det har vært debatter om folkehøgskolene tidligere. I stortingsdebatten den 8. mai 1980 sa daværende statsråd Einar Førde: «Folkehøgskolen er ein alternativ skole og eit korrektiv og ein nødvendig impuls til det allmenne skoleverket.»

Og det mener vi fremdeles. Men jeg må jo si at representantene for Rød Valgallianse og SV her går svært langt i å trekke i tvil den norske enhetsskolen når de sier at offentlig skole er blitt for strømlinjeformet. Det er vel nye tanker og takter fra ytterste venstre fra denne talerstolen.

Hvis vi skal verne om folkehøgskolens egenart, må vi bygge opp under de vilkårene for individuell vekst og utvikling av personlige evner og interesser som folkehøgskolene gir, styrke skolen som garantist for at kompetanse er noe mer og annet enn formell utdanning, eksamener, karakterer og poeng – en kombinasjon av fag og livskompetanse, en skole som skal fremme entreprenørskap og utvikle det skapende menneske.

Folkehøgskolenes eget kompetanseprosjekt har nettopp vært opptatt av å rette søkelyset mot skoleslagets spesielle egenskaper.

Når vi i dag – også fra Arbeiderpartiets side – velger å gi tre konkurransepoeng ved opptak til høyere utdanning til elever fra folkehøgskoler på gitte vilkår, er det folkehøgskolenes og Folkehøgskolerådets ansvar å sørge for at dette ikke utvikler seg – og jeg vil gjerne understreke det – til nye private studentfabrikker, der elevenes mål ikke er det tilbudet folkehøgskolen kan gi, der de som tar et år på folkehøgskole, utelukkende gjør det for å sanke poeng for å komme inn på sosialøkonomi- eller medisinstudiet. Nå mener nok vi at det er bedre at man går på folkehøgskole enn at man tyr til kostbare privatskoler som Bjørknes o.l. for å ta opp igjen fag fra videregående skole for å komme inn på universitetet. Og det er også et mål, synes jeg, på sikt å dempe karakterkarusellen i forbindelse med høyere utdanning. Men den debatten har vel strengt tatt ikke noe med folkehøgskolens egenart og den kompetanse folkehøgskolene innebærer, å gjøre.

Min utfordring går derfor til Folkehøgskolerådet. Det påhviler rådet og skolene et stort ansvar for å sikre at de nye rammebetingelsene kan styrke og ikke rive ned de verdier, den kontaktskaping og den medmenneskelighet som folkehøgskolene tradisjonelt sett har stått for: utviklingen av det helhetlige mennesket.

Kan jeg helt til slutt bare få oppfordre Ellen Chr. Christiansen til å omgjøre sitt forslag til et oversendelsesforslag, tatt i betraktning at Stortinget i dag ber om en gjennomgang av poengberegning for høyere utdanning.

Marit Tingelstad (Sp): Med Innst. S. nr. 91 er usikkerheten som har hersket omkring folkehøgskolens framtid, nå ryddet av veien. Regjeringens noe lunkne holdning til skoleslaget er satt til side. Stortinget har gitt skoleslaget den nødvendige oppvurdering som gjør at folkehøgskolen får den helt berettigede kompetanseheving den fortjener.

Dette er Senterpartiet svært tilfreds med, da vi mener at folkehøgskolen er et meget verdifullt supplement til det ordinære skoleverket. Skoleslaget har sin egenart og tradisjon som det er vel verdt å ta vare på, ikke bare for de elever som velger å ta et år på folkehøgskole, men også for samfunnet generelt.

Jeg har stor forståelse for skuffelsen som kom fra flere hold da stortingsmeldingen ble lagt fram. Karakteristikken tynn og tam var berettiget. Jeg tror mange har merket seg at arbeiderpartiregjeringen ikke verdsetter skoleslaget mer enn som så. Det er imidlertid prisverdig at Arbeiderpartiet i Stortinget har sett det annerledes og på de fleste områder er med på å utgjøre flertallet i innstillingen.

I det følgende kan det sies at jeg blir noe personlig, men det får våge seg.

Jeg startet min lærerpraksis i folkehøgskolen, og det var god voksenopplæring for en nybakt faglærer. De erfaringer jeg gjorde de årene jeg var i folkehøgskolen, har jeg båret med meg i min lærergjerning og senere i min tid som skoleleder. Det jeg særlig fikk innsikt i og ble oppmerksom på betydningen av, var den sosialpedagogiske siden. Dette å leve sammen hele døgnet gjorde at både elever og lærere måtte ta i bruk hele registeret av evner og anlegg, både på det kunnskapsmessige plan og det psykososiale området.

Et folkehøgskoleår gir virkelig allmenndanning. Det er et modningsår i videste forstand. Jeg tror at mange i vår tid nettopp trenger en slik modningsarena som en motvekt mot det heseblesende systemet som de fleste andre utdanningsinstitusjoner preges av. Jeg tør si det så sterkt på bakgrunn av det jeg har sett og ser i opplæringsystemet i dag.

Jeg er glad for at Stortinget ikke har fulgt opp Regjeringens forslag i meldingen. I det rike Norge er konkurransejag og poengsanking så dominerende at det for mange går på helsa løs. Det er betenkelig

at et økende antall unge trenger psykiatrisk hjelp. Dessuten er det ikke gitt at det blir bedre leger, psykologer, sykepleiere, ingeniører om de pugger seg til bedre karakterer. Det er langt viktigere å utvikle andre kvaliteter hos ungdommen, kvaliteter som skal utvikle og videreføre det beste i vårt samfunn, som bl.a. samarbeidsevne. Senterpartiet er glad for at skoleslaget fortsatt skal være fritt og uavhengig og gjennom bl.a. folkelig opplysning fremme demokrati og evne til sosialt fellesskap.

Den realkompetanse som folkehøgskolen gir, har endelig fått sin verdsetting ved at det heretter skal gis konkurransepoeng ut fra skoledokumentasjon uten vanlige karakterer og med en viss framføringsprosent. Jeg er også tilfreds med at elever som tar et år på folkehøgskole i forlengelse av et treårig løp i videregående skole, får rett til minstestipend inntil de er 20 år.

Alle disse punktene er et ledd i å sikre at ungdom i Norge skal kunne ha økonomisk mulighet til å få dette utdanningstilbudet. Når dette er sagt, vil jeg understreke at folkehøgskolen ikke må miste sin egenart, en egenart som har sin grobunn fra Grundtvigs ideologi. Her vil jeg sitere Ola Jonsmoen, som i en kronikk i *Nationen* 7. januar i år sier:

«Det er mangt hos den geniale Grundtvig som faktisk har overlevd, jamvel om somt kanskje har overlevd seg sjøl. Den livslystne og livsglade spreier glede, og gløden er tett sammbunden med kjennskap, kunnskap, læring, og enda meir med produktiv intelligens, med fantasien.»

Dette var noe av Grundtvigs ideer. Jeg mener dette er gyldig rettesnor den dag i dag. Folkehøgskolen bør være et opplærings- og utviklingsalternativ der læring og personlig vekst skjer ut fra livsglede. Dette er en ideell målsetting for all opplæring, men dessverre er det en del ting som tyder på at det ikke føles slik for alle i den obligatoriske skolen.

Folkehøgskolen har for mange

representert et kulturverksted. Dette håper jeg fortsatt kan være tilfellet også sett i sammenheng med at skolene kan ta inn elever fra alle deler av landet, fra andre land og i ulike aldre. Slik vil skoleslaget framstå som en god læringsarena for folk i alle aldre og med ulik bakgrunn.

Livslang læring skal være mer enn et moteord. Folkehøgskolen kan være et alternativ med dette aspektet for øye, men må ikke bindes opp av faste strukturer. Da er ikke skoleslaget fritt lenger.

Gunnar Breimo (A): Først vil jeg gi uttrykk for tilfredshet med at det er så stor og bred politisk enighet om folkehøgskolenes framtid. Også etter mitt syn representerer disse skolene et svært viktig tilbud og et tilbud som både vil og bør få økende interesse i framtida. Allerede i dag stilles det store krav til faglig kunnskap på alle områder for at en skal kunne hevde seg både i arbeid og i fritid. Det er mye som tyder på at dette kravet bare vil bli forsterket. I så måte er det viktig at vi er forutseende og foretar de nødvendige endringer og reformer som må til for å møte framtida. Både Reform 94 om videregående utdanning og Reform 97, som bringer 6-åringene inn i skolen, må ses som viktige og riktige reformer i et utdanningssamfunn som vårt. Men nettopp dette kravet til og tilretteleggingen for det vi kan kalle nyttigere opplæring, forsterker behovet for at de alternativene som folkehøgskolene representerer, finnes. Denne skoletypen kan på en spesiell måte møte de individuelle ønsker og behov med vekt på personlighetsutvikling. Det finnes mange eksempler på at et år på folkehøgskole har hatt avgjørende betydning for enkeltmenneskets framtid, og at ungdom har våknet til innsats gjennom et slikt år. For noen vil folkehøgskolene kanskje også virke som et kjærkomment pusterom fra kravet og presset om nyttig faglig læring.

I et leserinnlegg i en av mine lo-

kalaviser ble folkehøgskolen karakterisert som *sunn humanistisk sikringskost i en nyttebetont og effektiv tid*. Det var en meget god og treffende karakteristikkk.

Det er spesielt to forhold som har opptatt meg sterkt i forbindelse med denne meldingen, nemlig for det første at folkehøgskolen skal gi en viss kompetanse. Det skal bety noe synlig positivt at en elev har et år på folkehøgskole bak seg. Det skal være et pluss at vedkommande elev ikke har gått med hendene i lomma et helt år. Det andre er at minimumsgrensen på 35 elever for å få statstilskudd måtte beholdes. Jeg er glad for at det er bred politisk enighet om disse to punktene.

Komiteens flertall, alle unntatt Fremskrittspartiet, sier at folkehøgskolens oppgave skal være å «formidle folkeleg danning, vekke interesse for arbeid og engasjement og stimulere til ansvarskjensle og sjølvstendigjering.»

Slik jeg ser det, ville det være inkonsekvent om en skole med et slikt mål ikke skulle gi noen form for kompetanse. Framtida vil jo rope nettopp på engasjement og ansvarskjensle. Jeg er derfor svært glad for at komiteflertallet har trukket den eneste naturlige konsekvens og gir skolen uttelling i form av tre konkurransepoeng i tillegg til alderspoengene. Dette er en framtidrettet løsning som vil være rettferdig og stimulere til at ungdom velger et år på folkehøgskole.

Om noen skulle velge folkehøgskolen fordi den gir poeng, vil det neppe få noen dramatisk negativ effekt. Jeg forutsetter nemlig at skolene selv er oppmerksom på at en utglidning vil være uheldig og til sist slå tilbake på skoleslaget. Innholdsløse poengfabrikker vil vi ikke ha.

Også når det gjelder minimumsgrensen på 35 elever for å få statstilskudd, har komiteflertallet landet på en fornuftig løsning. Etter mitt syn er ikke antallet elever noe entydig kriterium for om et skoletilbud skal støttes økonomisk eller ikke. Det er med andre ord ikke

sikkert at vi ville slått ut det «riktige» tilbudet om grensen hadde blitt hevet til 50. Mange av de minste skolene ligger dessuten i grissgrendte strøk og har en betydning i forhold til bosetting som ikke skal undervurderes, selv om det ikke kan være avgjørende for om en skole skal bestå eller ikke. Med dagens utvikling når det gjelder flyttestatistikken, er det imidlertid viktig at vi ser ting i sammenheng og vokter oss vel for å velge løsninger som forsterker sentraliseringskreftene.

Med Regjeringens positive holdning til skoleslaget og dagens flertallsinnstilling vil det være lagt et godt og framtidsrettet grunnlag for folkehøgskolenes utvikling, både som humanistisk sikringskost og som et nyttig og supplerende skoleslag i vårt utdannings-samfunn. Det er nå opp til folkehøgskolene selv å ta de utfordringene som fortsatt vil være til stede, både med tanke på å videreutvikle et skoleinnhold som enkeltmennesker og samfunn trenger, og å gjøre seg lekker overfor mulige søkere.

Hallgrim Berg (H): Folkehøgskulen har dessverre for lengst blitt konjunkturavhengig. Talet på ledige skuleplassar svingar i takt med tilstanden i norsk næringsliv og økonomi. Sagt på ein annan måte: Det ville ikkje ha vore bra dersom skuleslaget måtte satsa på økonomiske nedgangstider og arbeidsløyse i samfunnet for å kunna fylla sine egne skuleplassar.

Spørsmålet om å innføra konkurransepoeng har difor kome med full tyngd. Det er naturleg at folkehøgskulane lanserer dei tiltaka som må til i bergingsaksjonen. For å gjera seg attraktive i kampen om ungdomen og dermed lettare overleva som skuleslag blir konkurransepoeng no innførte: Dei som frå komande skuleår gjennomfører sine 33 veker, får tre konkurransepoeng ved opptak til høgre utdanning. I dag er dette viktig å få til. Sjølv om desse poenga blir innførte, står sjølvsgagt

målet om eksamensfri skule og målet om folkeopplysing fast.

Folkehøgskulen har fått gjennomslag for dei argumenta som rektorar og lærarar har nytta overfor stortingskomiteen. Skal alle dei 82 skulane haldast oppe som eigne einingar, er konkurransepoeng og noko meir likskap med den vidaregåande skulen truleg naudsynt i dag. Ved å redusera talet på skular ville sjølvsgagt dei meir opprinnelege sidene ved skuleslaget lettare kunne haldast betre oppe meir kvalitativt. Det er likevel uaktuell politikkk. Konkurransepoeng er ei form for kompromiss i eit forsøk på å koma seg ut av ei kvantitativ krise for dei skulane som er i systemet. No vonar eg at denne middelvegen vil kunna gje frukter. Eg har tru på skuleslaget og grunnideane som ligg attom, og eg vil gjerne medverka til at dette verdigrunnlaget og desse haldningane kan vera med på å farga det norske framtidssamfunnet.

Eg las med interesse den kronikken om dagens tema som Ola Jonsmoen hadde i Nationen den 7. januar 1997. Eg er samd med han i at den nye reforma ikkje må føra til slappare krav når det gjeld å fylla skulen med eit fagleg og åndeleg innhald. Meir enn før faktisk må skulen no stå vakt om sin eigenart. Konkurransepoeng er eit nyttig teknisk hjelpemiddel for skuleslaget, men det er ikkje noko sesam-sesam når det gjeld løysinga for det ordskiftet om folkehøgskulen sin idé, innhald og funksjon som må halda fortløpande fram.

«Den livslystne og livsglade spreier glede, og gleda er tett samanbunden med kjennskap, kunnskap, læring, og endå meir med produktiv intelligens, med fantasien», skal Grundtvig ha sagt som rettesnor for undervisning og skulegang. Eg trur på dette framover òg, sjølv om det er populært for enkelte å smila litt overberande av Grundtvig i dag. Skulen skal vera ein fristad i A4-samfunnet, ei løvetann gjennom asfalten, eit pustehol i elektronik-

ken, eit skuleår for folkeleg danning og menneskeleg vokster. Det manglar ikkje på gode karakteristikkar.

Skulen skal òg vera eit alternativ. Men samstundes må den ikkje bli så alternativ at alternativet blir ei form for einsretting den andre vegen. Eg har høyrte gjete politiske skuleval ved ein folkehøgskule der 35 av 39 elevar røysta på eit bestemt lite, politisk parti – og det var ikkje Venstre. Kva slags mangfald og sjølvvokster dette skulemiljøet hadde stimulert til mellom elevane, skal vera usagt.

Med desse korte merknadene sluttar eg meg til dei framlegga som fleirtalet lét innstillinga munnar ut i. Innstillinga manglar ikkje gode ord om dei funksjonane som folkehøgskulane ideelt sett bør ha. Til tider kan formuleringane om livsdugleik, sosial kompetanse og evne til samarbeid gjennom samtale og dialog, kryssing av kultur- og religionsgrenser, dømekraft og livssyn osv. bli vel blømande og ha-stemde, tykkjer eg når eg les gjennom innstillinga og held den opp mot realitetane. Eg vonar no at folkehøgskulen med eit nytt fortrinn for å kapra seg fleire elevar vil stå betre rusta. Då er det viktig at skuleslaget ikkje slakkar på dei eigentlege oppgåvene sine eller glir i retning av å bli ein oppbevaringsstad for utilpass ungdom, men at folkehøgskulen må redda sjela si ved å leita etter fundamentet sitt. Det vil seia at rotfestet må synleggjerast og gjevast ny prestisje, og framfor alt at folkehøgskulen fram mot år 2000 satsar på å markera seg i det norske opplæringslandskapet og også i det norske kulturlivet som ein stad der unge menneske av fri vilje og lyst søker seg til for å kunna førebu seg på å leva og meistra menneskelege utfordringar.

Marie Brenden (A): Det er vanskelig å tilføre en lang debatt noe når en kommer helt til slutt. Men når en bor i sonen rundt Vonheim, bør en ha en følelse for dette skoleslaget.

Skoleslaget var bygdeungdommens eneste utdanning helt fram til 1950-åra, og det ble etter hvert en forskole til annen utdanning, til landbruksskole og spesielt kanskje til lærerskole, særlig med tanke på opptaksprøven til fireårig lærerskole. Senere ble det lagt opp til puggekurs, som var rettet direkte inn mot opptaket til lærerskolen. Det er sikkert mange rundt omkring på bygdene som har gode minner fra et folkehøgskoleår, og kanskje særlig fra vårkurset, som var enda litt mer uforpliktende når det gjaldt karakterer og fag. Jeg hadde selv veldig lyst til å gå et år på folkehøgskole – men det var det å få tid til det i et opplagt utdanningsmønster. Det er blitt sterk konkurranse til skoleslaget: realskolen, gymnaset og dagens videregående skole. Jeg syns det har vært stor oppfinnsomhet for å kunne holde skoleslaget i live: tilbud til yngre elever, pensjonister og funksjonshemmede, og med mange forskjellige fag er blitt utviklet. Men det har vært vanskeligheter og er vanskeligheter med å finne plassen i skolesystemet. Hvor er nå egentlig den plassen? Vi får vel ikke noe svar på det i dag, verken i debatten eller i innstillingen, men det er enighet om å beholde skoleslaget, og det er jeg veldig glad for – at det skal beholdes som en eksamensfri og karakterfri skole og være allmenndannende, eller dannende for livet, slik som det ble sagt.

Diskusjonen har vel gått mye på konkurransepoengene. Jeg må si at i utgangspunktet var jeg skeptisk til et nytt poengsystem, kanskje spesielt fordi det ville være med og forandre selve tanken med og innholdet i skolen. Jeg kan likevel følge argumentasjonen om at det kan være vel så bra at noen velger et folkehøgskoleår framfor å ta et år ved universitet eller høgskole for å sanke poeng før de starter på den ordentlige utdanningen sin, men jeg blir provosert av ut-sagnet om at det er bedre å gå på folkehøgskole enn å ligge på sofa-

en, for det er klart også avhengig av økonomi.

Vi har tidligere hatt en poengdebatt og ryddet opp i poengsystemet for inntak ved høyere utdanning, der jeg forstår at vi hadde hele femti forskjellige alternativer, og har nå bare to. I de to inngår førstegangstjeneste eller siviltjeneste. Jeg vet at det er et likestillingsargument mot akkurat det med konkurransepoeng for førstegangstjeneste, fordi dette gjelder bare gutter. Det er jo slik at guttene har en grunnlovfestet plikt til tjeneste i ett år for fedrelandet, men det er bare 60 pst. av guttekullene som får utføre denne plikten, og da mener jeg det er riktig at de får et poeng. Nå er det jo ett poeng som er vedtatt her i Stortinget når det gjelder disse, og det vil si at folkehøgskoleåret nå går over med to poeng. Jeg regner med at dette også vil bli tatt opp til vurdering i den gjennomgangen som vil komme om konkurransepoeng på et litt bredere grunnlag, slik at de menige soldatene våre ikke blir de tapende. Likevel er jeg enig i – slik flertallet er nå – at det gis konkurransepoeng som et kortsiktig håndslag til folkehøgskolen, men jeg tror ikke konkurransepoeng på sikt vil redde folkehøgskolen hvis en ikke får en bredere gjennomgang av skoleslagets plassering og antall plasser i skoleslaget. Her vil også opptaksreglene til høyere utdanning og tilgangen på disse plassene være avgjørende i framtida. Og det er viktig å beholde dette skoleslaget, så vi er nødt for å gå grundig inn i den plassen dette skoleslaget skal ha.

Presidenten: Dei talarane som får ordet heretter, har ei taletid på inntil 3 minutt.

Magnhild Meltveit Kleppa (Sp): Det er gledeleg at eit breitt fleirtal i dag gir folkehøgskulen fornya tillit og utvida moglegheiter. Senterpartiet si stortingsgruppe er innvald på eit program som strekar under folkehøgskulen sin viktige plass i skulesystemet. Vi

ynskjer den verdi- og kulturforankring vi her finn, og vi vil at dei ulike skulane skal ha høve til å ta vare på sitt idègrunnlag og sin eigenart.

Som rådgjevar i ungdomsskulen har eg ved sjølvsyn sett kva eit år ved folkehøgskule har hatt å seia for ein ungdom som treng å finna meir ut av seg sjølv og sitt eige liv. Det å kunna bruka tid på spesielle tema, utvikla eigne interesser og evner utover det andre utdanningsinstitusjonar kan tilby, er verdifullt. Vel så vesentleg som det å gje fagkunnskap, er folkehøgskulen si oppgåve som holdningsskapar og som formidlar av øving i samarbeid og respekt for seg sjølv og andre. Eg har i ettertid møtt mange unge som ut frå erfaring kan fortelja at dei gjennom eit slikt år kom inn på eit nytt spor eller fekk forsterka positive sider ved seg sjølv, som dei elles ikkje hadde hatt høve til.

Når fleirtalet i innstillinga strekar under folkehøgskulen som eit positivt alternativ både før, under og etter vidaregåande skule og vel å leggja til rette for tre konkurransepoeng, seier det sitt om viljen til å gje endå fleire unge høve til eit folkehøgskuleår. Eg vil særleg vektleggja det alternativet som no forsterkar seg for elevar som er ferdige med vidaregåande skule. Mange har behov for eit annleis år, med vekt på mellommenneskelege forhold, før ytterlegare yrkesutdanning.

Andre som i dag brukar mykje tid og krefter på forbetring av eigne resultat frå vidaregåande skule for å koma inn på høgare utdanning, eller som tek eit ekstra år innanfor høgskule- eller universitetssystemet for å kvalifisera seg i den retninga dei eigentleg vil utdanna seg i, får no utvida moglegheiter til eit år med eit spesielt innhald. Eg er glad for det klare forslaget til vedtak om minstestipend inntil ein alder av 20 år som innstillinga i dag inneheld. Det er viktig å få på plass likeverdige høve òg på den økonomiske sida.

Dei ulike folkehøgskulane får i



Folkehøgskolen ga rom til å leve. Folkehøgskolen var kanskje det året mange husker best.

dag eit løft, ei utfordring til å leggja eit godt grunnlag vidare. Regjeringa har den spesielle og viktige oppgåva som no ligg i å ta dei klare signala som i dag er gitt, og fylgja opp frå si side på ein langt meir positiv måte enn det ein til no har sett frå departementet.

(Edvard Grimstad hadde her gjeninntatt presidentplassen).

Ola T. Lånke (KrF): Som tidligere elev ved en folkehøgskole føler jeg også trang til å ta ordet for å si at jeg er oppriktig glad for den innstillingen komiteens flertall har lagt fram. På bakgrunn av Regjeringens perspektivløse melding er det nok mange av oss som har fått henvendelser fra folk rundt i landet som med rette har vært bekymret for folkehøgskolens framtid. Det er derfor grunn til å være glad for at det er flertall i dette hus for å gi dette viktige sko-

letilbudet gode eksistensmuligheter i framtida.

Det er uhyre positivt at det gjennom dette fortsatt er gitt rom for mangfoldet i norsk skole, og at den konformitetsskapende enhets-tenkningen som har preget Regjeringens skolepolitikk, er blitt korrigert. Når jeg blar i den flotte trykksaken som kom i min posthylle nylig om folkehøgskolen i Norge 1997, kan jeg ikke annet enn bli imponert over den fantasi og evne til å tenke nytt som preger folkehøgskolebevegelsen.

Det er nok mange unge som gjerne kunne tenke seg et avbrekk fra det ordinære skoleløpet, kanskje for å få anledning til å stoppe opp og tenke litt, for så å kunne gjøre et riktig veivalg for resten av livet. Nå vil dette kunne bli enda mer attraktivt fordi det også gir viktige konkurransepoeng for å komme inn på høyere utdanning, samtidig som det gis rett til mins-

testipend for det fjerde år i et fireårig videregående skoleløp. Derved er folkehøgskolen tilstrekkelig integrert i det helhetlige skolesystemet og ikke et utdanningsmessig sidespor.

Det er påpekt tidligere i debatten at det er brukt mange honnørord. Men det må også være anledning for oss som ikke sitter i komiteen, til å uttrykke vårt engasjement. Jeg tror mange med meg som har gått denne skolen, har opplevd at dette året kanskje var det vi husker aller best av alle de skoleår vi gjennomgikk, fordi det også gav rom til å leve. Jeg tror mange har fått hjelp gjennom et slikt år til ikke minst å oppdage seg selv, og til også å oppdage andre mennesker. Nå vil dette kunne bli enda mer attraktivt fordi i livet enn de ellers ville ha gjort. Jeg er overbevist om at er det noe vi trenger i en tid da man er så opptatt av struktur, så er det en mulig-

het for av og til ikke å være så strukturert, en mulighet til bare å leve. Den muligheten er ivaretatt av dette skoleslaget.

Vi befinner oss i en situasjon som vi i stadig sterkere grad kan betegne som flerkulturell. Vi trenger å lære å forholde oss til mennesker fra andre kulturer, fremme integrering. Ikke minst i dette perspektivet vil også jeg understreke nødvendigheten av at elever fra andre deler av verden gis muligheter for oppholdstillatelse, og at det ved behandling av slike søknader blir gitt klarsignal så raskt som mulig.

Så vil jeg bare til slutt gi ros til dem i komiteen som har bidratt til at innstillingen er blitt så god som den er blitt.

Trond Mathisen (A): Det er holdt en del innlegg om det etablerte skolesystemets begredelighet i denne sal i dag. Ord som A4-skolen, karakterjag, pensumpress, ensretting, manglende mulighet for pusterom – det skal da være beskrivelsen av de skolereformer flertallet har vært med på å bestemme skal være slik det er innrettet akkurat i dag. Da synes jeg debattantene bør tenke på at alle skolereformer har fått se dagens lys nettopp med bakgrunn i at det er flertallet i dette hus som har ønsket disse skolereformene. Jeg tør trekke den slutning at flertallet også mener at det er til elevenes og samfunnets beste at vi har fått disse skolereformene og den skoleinnretning vi har. Da er det litt pussig at tanken bak konkurransepoengene som skal gis for et år på folkehøgskole, som vi i dag har hatt som hovedtema, nettopp er at det skal være for å komme inn i dette «forferdelige» skolesystemet.

Personlig er jeg svært glad for den anerkjennelse folkehøgskolen har fått både i Regjeringens melding, i innstillingen fra komiteen og i debatten i dag. Jeg håper personlig at ungdom finner veien til folkehøgskolen i årene som kommer, i en så stor grad at det blir en utfordring rent økonomisk for fel-

lesskapet. Videre: En god forberedelse på livets mange vanskelige situasjoner en møter både i familieliv og i yrkesutøvelse er nettopp et år på en folkehøgskole. Det er med glede og takknemlighet jeg tenker på den ballast jeg som elev på en folkehøgskole har fått med meg videre i livet.

Men jeg skynder meg å understreke at når man forherliger folkehøgskolene, bør man også være så objektiv at man går inn og ser om alle folkehøgskoler utvikler seg i den frie retningen som vi snakker om. Jeg personlig er livende redd for at folkehøgskolene nå skal spisse seg og tilnærme seg på en slik måte at de like godt kan overta for det etablerte skolesystemet. Da har vi virkelig tapt – og da har også samfunnet tapt en idé og en mulighet til å utvikle hele mennesket, som vi vil beklage i lang, lang tid.

Jørgen Holte (Sp): Det som fekk meg til å ta ordet, var statsråden sine til dels upresise vurderingar og svar til hovudinnlegget han hadde tidlegare i dag. Når det gjeld temperaturen til statsråden, er den eit uttrykk for og kanskje også ei stadfesting av at ein må erkjenne eit nederlag. Dei innlegga eg har hatt, og det engasjementet som har vore i denne saka, har ikkje eg oppfatta på noko avsnitt kan sjåast på som eit slags falsum i forhold til Regjeringa si melding. Eg kjenner meg ikkje igjen i den framstillinga som statsråden prøver å gjere under denne overskrifta. Eg trur, før vi avsluttar debatten om denne viktige saka, at vi vil stå oss på for framtida å bokføre det som ikkje er sagt.

Innstillinga i dag er faktisk ei brei støtte til det syn og det engasjement som m. a. eg har gitt uttrykk for, og som har kome fram. Og er det lyspunkt i den meldinga som kom til Stortinget, er i grunnen det bra, og det er fint at statsråden gjer oss merksam på det – vi skal sjølv sagt leite igjen. Eg vil oppmode statsråden om å vere presis i si vidare handtering av

Stortinget sin vilje, spesielt på tre punkt. Det gjeld det som er sagt om kortkurs, som klart går fram av II og III. Eg trur ein nærmare gjennomgang av det og det som er sagt i merknadene, skulle vere ei god rettleiing for den vidare ferda, og då trur eg at statsråden vil problematisere den delen noko annleis enn det han valde å gjere i sitt hovudinnlegg.

Når det gjeld konkurransepoeng, seier IV at med «verknad frå og med skoleåret 1997-98 skal elevar» osv. Det ligg no eit arbeid føre oss i form av dokumentasjon, men Stortinget sin vilje på dette punktet er klar.

Og til det med minstestipend: I svaret til Øystein Djupedal gav statsråden inntrykk av at det var eit ynske frå Stortinget. Nei, V gir ikkje uttrykk for noko ynske, V seier at med «verknad frå og med skoleåret 1997-98 skal elevar» osv.

Eg trur at vi heilt til slutt skal erkjenne at i denne saka har Stortinget kjempa mot eit departement og ei regjering som verbalt er positive, men som er negative til forslag som går på verkemiddel som dei sjølv ikkje har fremma.

Ellen Chr. Christiansen (uavh): Jeg har egentlig ikke spesielt lyst til å forlenge Stortingets møte, men det er flere som har oppfordret meg til å oversende forslaget til Regjeringen. Da har jeg behov for å understreke at allerede fra høsten vil de som har gått på folkehøgskole, få tre poeng dersom Stortinget vedtar det komiteen har innstilt på. Det betyr at å oversende mitt forslag om å likebehandle vernepliktige med dem som har gått på folkehøgskole, vil føre til at forslaget mitt går en uviss fremtid i møte, ikke minst tidsmessig. Vi vet hvor lite departementet liker tilleggspoeng, og med så mange saker som departementet er forsinket med, er det ingen grunn til å tro at en sak om tilleggspoeng vil komme med det første. Det er heller ikke for ingenting at flertallet mener det er behov for romertallsvedtak for å sikre tilleggspoenge-

ne til folkehøgskolene, det er jeg ganske sikker på.

En oversending vil altså bety at vernepliktige til høsten vil stille bak folkehøgskoleelevene. En realitetsbehandling er det eneste som vil sikre den intensjonen Stortinget tidligere har hatt, nemlig å gi de vernepliktige et lite forsprang. Denne intensjonen vil ikke vi være med på å underminere. For jeg forutsetter faktisk at komiteens medlemmer har hatt et bevisst forhold til at de vernepliktige vil få færre poeng enn folkehøgskoleelevene. At flere nå sier at mitt forslag er interessant uten å ville realitetsbehandle det, kan kanskje tyde på noe annet. Men det er dog Stortingets valg å stemme forslaget ned, med dertil påfølgende implikasjoner. Dersom det senere skulle vise seg å være vilje til å se på de vernepliktiges situasjon, kan jo alltid arbeiderpartiregjeringen på eget grunnlag vurdere situasjonen for de vernepliktige når den saken Stortinget i dag ber om, en gang i fremtiden blir lagt frem.

Jon Lilletun (KrF): Fyrst til ei sak eg ikkje rakk i innlegget mitt. Det gjeld eventuell etablering av nye folkehøgskular. Det står i komiteinnstillinga:

«Fleirtalet viser til at det er opp til eigarane å starte og å leggje ned skolar, medan det er departementet som eventuelt godkjenner for offentlege tilskott – og med det for bruken av namnet folkehøgskole.»

Fleirtalet har merka seg at det sidan 1975 er oppretta fem nye skolar, medan 11 skolar er nedlagde.»

Eg er kjend med at departementet i dei siste månadene har avsløge ein god del søknader om nyetableringar. Eg vil utfordre statsråden til å kommentere dette – at det sjølv sagt er slik at lova framleis skal gjelde, og at det er høve til å opprette nye skular. Eg vil nemne to som for min del synest interessante: Den eine er «Tre stammers møte», som er eit prosjekt og ein måte å leggje det opp på som ikkje

har vore gjort tidlegare. Og det er Evangeliesenteret sin søknad om å etablere folkehøgskule, som ein har fått avslag på, men som er anka på klare premisser. Etter mitt syn har dei grunnlag for å tru at dei har ei søkjargruppe som er ganske stor, og det vil derfor vere interessant. Eg forventar ikkje at statsråden skal enkeltbehandle søknader her i dag, men eg vil berre be om ei stadfesting på at det sjølv sagt er høve til òg i framtida å få opprette nye skular, og at det ikkje på grunnlag av at det er ein del ledige plassar, blir sagt nei til oppretting av skular. Her må ein òg samarbeide med Folkehøgskolerådet, som sjølv sagt skal kome med innstilling om det pedagogisk sett ser ut til å vere eit folkehøgskuletiltak eller ikkje. Det var den eine saka, og det utfordrar eg statsråden på.

Så vil eg takke statsråden for at han var så klar når det galdt det med konkurransepoenga, at dei skulle kome. Derimot var han ikkje klar når det galdt stipendet. Der er heller ikkje Arbeidarpartiet med i fleirtalet. Men etter Høgre si klare markering tidlegare i dag plar dei stå for vedtak dei har gjort. Eg oppfattar det slik at ein skal gjere endeleg vedtak om dette som prinsipp i samband med denne meldinga, og derfor at det nei-et Høgre var med på i salderinga, ikkje er uttrykk for det som er partiet sitt langsiktige standpunkt. Når det gjeld kortkurs, er det klart at då må det verte slik som komiteen har sagt i si innstilling. Det forventar eg.

Når det så gjeld Ellen Chr. Christiansen sitt forslag, vil Kristeleg Folkeparti stemme mot det dersom det vert halde oppe som forslag og votert over og ikkje vert sendt over til Regjeringa utan realitetsvotering.

Statsråd Reidar Sandal: Først ein kommentar til det representanten Holte sa. Han gav ein del rettleiing – for å seie det litt høgtidleg – for det vidare arbeidet. Eg kan berre seie at dei tre hovudmomenta han

peika på, har eg for lengst registrert komiteen sine synspunkt på. Så reiste representanten Holte spørsmål spesielt når det galdt minstestipend. I mitt svar på ein replikk frå representanten Djupe-dal tidlegare i debatten peika eg på kva som har vore Stortinget sine signal i den saka i løpet av perioden frå oktober/november og fram til ein av dei siste dagane før jul, og eg avslutta den sekvensen med å vise til at spørsmålet var omtala i mitt hovudinnlegg. Noko mystisk knyter det seg ikkje til det som blei sagt på det punktet.

Når det gjeld representanten Lilletun sitt spørsmål, som først og fremst gjorde at eg tok ordet, hadde det å gjere med oppretting av nye skular. Til det vil eg gjerne få seie at ein i vurderinga av søknader i tilknytning til det sjølv sagt tar utgangspunkt i behovet – i forholdet mellom tilbod og etterspurnad. Dei siste åra har det vore til dels stor ledig kapasitet i skuleslaget, og ein har då ikkje funne grunnlag for å gi klarsignal om tilskott til nye tiltak i den situasjonen. Vidare må ein sjølv sagt òg leggje vekt på det økonomiske grunnlaget for nye tiltak. Det er ein del av den vurderinga som må gjerast.

Eg konstaterer at det i innstillinga frå komiteen blir sagt:

«Fleirtalet ber departementet leggje vekt på den tilråding Folkehøgskolerådet og fylkeskommunane gir ved handsaming av slike saker.»

Eg har merka meg det. Men i samband med det har eg lyst til å peike på at røynslene så langt iallfall viser at desse vurderingane svært ofte går i motsett og ulik retning.

Elles vil eg peike på at vi i tida framover sjølv sagt vil vurdere dei søknadene som måtte komme, på ein fordomsfri måte og på det grunnlaget som eg har peika på, og eg er takksam for at representanten Lilletun ikkje legg opp til at vi her og no skal drive saksbehandling når det gjeld enkeltsøknader.

Marit Nybakk (A): Bare en kort merknad knyttet til det forslaget som er framlagt her i dag av representanten Ellen Chr. Christiansen. Jeg har oppfattet det slik at representanten Christiansen opprettholder sitt forslag. Vi hadde ønsket at hun ville gå med på at dette ble oversendt Regjeringen uten realitetsvotering fordi vi mener det bør vurderes i sammenheng med den gjennomgangen vi har bedt Regjeringen komme tilbake til Stortinget med.

Når det gjelder selve forslaget, skal ikke jeg gå inn på det her og nå, bare understreke at vi nok ikke kan gå inn på et slikt forslag uten at det er diskutert nøye også fraksjonene i utdanningskomiteen og forsvarskomiteen imellom. Det er vanskelig å ta stilling til et slikt forslag over bordet. Jeg vil derfor anbefale Arbeiderpartiet å stemme mot det forslaget som er framlagt, først og fremst fordi vi må behandle et slikt forslag når Regjeringen kommer tilbake til Stortinget med saken.

Presidenten: Flere har ikke bedt om ordet, og debatten er avsluttet.

Etter at det var ringt til votering i 5 minutter, uttalte

Presidenten: Det skal nå voteres over sak nr. 1.

Under debatten er det satt fram tre forslag. Det er forslagene nr. 1 og 2, fra Øyvind Vaksdal på vegne av Fremskrittspartiet, og forslag nr. 3, fra representanten Ellen Chr. Christiansen.

Forslagene fra Fremskrittspartiet er inntatt i innstillingen, mens forslaget fra Ellen Chr. Christiansen er omdelt i salen.

Ønsker noen ordet til stemmeforklaring?

Jan Tore Sanner (H): Høyre støtter innstillingen. I tillegg er det fremsatt et forslag fra representanten Ellen Chr. Christiansen som jeg og flere andre representanter har anbefalt oversendt Regjeringen. Representanten Christiansen har gjort det kjent at hun ønsker en re-

alitetsvotering. Opprettholdes dette ønsket, vil jeg anbefale Høyres gruppe å stemme for forslaget fra representanten Christiansen.

Jørgen Holte (Sp): I VII i forslaget til vedtak har vi gått inn for ein gjennomgang og ei vurdering av bruk av poeng for andre utdanningstilbud m.v. enn folkehøgskulane ved opptak til høgre utdanning.

I debatten har vi oppmoda Ellen Chr. Christiansen om å gjere forslaget sitt om til eit oversendingsforslag med den grunngevinga at vi i innstillinga har bedt om ein slik gjennomgang. Når Ellen Chr. Christiansen ikkje vil gå med på eit slikt ynske, ser ikkje vi nokon grunn til at vi *no* skal auke konkurransepoenga frå 1 til 3 ved førstegangstjeneste. Men vi ber om å få ei vurdering av utdanningstilbud m.v. når det gjeld konkurransepoeng, og vi vil derfor stemme imot forslaget.

Carl I. Hagen (Frp): Dersom våre forslag blir tatt opp før innstillingen, vil jeg først anbefale Fremskrittspartiets medlemmer å stemme for våre egne forslag og deretter for samtlige romertallspunkter i innstillingen med unntak av V, som vi stemmer imot.

Når det gjelder det fremsatte forslag fra Ellen Chr. Christiansen, så vi det opprinnelig slik at vi nå behandler folkehøgskolene og deres forhold til poeng, og at Regjeringen i henhold til nest siste romertall, VII, skulle komme tilbake med en bred drøftelse av mange andre samfunnsaktiviteter, frivillige eller pliktige, som også skulle gis poeng. Vi hadde egentlig regnet med at dette forslaget falt utenfor den sak som Stortinget i dag har til behandling, men dersom det er slik at presidenten godtar at det hører inn under saken og setter det til votering, vil jeg anbefale Fremskrittspartiets medlemmer å støtte forslaget. Det har aldri vært noen tvil om at vi ønsker å heve betydningen av verneplikten i så måte.

Presidenten: Flere har ikke bedt om ordet til stemmeforklaring.

Presidenten vil foreslå at det først voteres over forslaget fra Ellen Chr. Christiansen, så over forslagene fra Fremskrittspartiet og deretter over innstillingen – og slik vil det bli gått fram. Forslaget fra representanten Ellen Chr. Christiansen lyder:

«Det gis samme antall konkurransepoeng for avlagt sivil eller militær førstegangstjeneste som det gis for gjennomføring av et folkehøgskoleår.»

Høyre og Fremskrittspartiet har varslet at de ønsker å stemme for dette forslaget.

Votering:

Forslaget fra representanten Ellen Chr. Christiansen ble med 26 mot 76 stemmer ikke bifalt.

Presidenten: Det voteres så over forslag nr. 1 fra Fremskrittspartiet. Forslaget lyder:

«Stortinget ber Regjeringen utarbeide et tilskuddssystem til folkehøgskolene basert på at disse motar en stykkpris pr. elev som tilbys godkjent utdanningsprogram. Stykkprissatsene skal ta utgangspunkt i en realistisk vurdering av ressursbehovet på de godkjente fagretninger for de vedkommende elevgrupper. Det skal spesielt tas hensyn til de funksjonshemmedes behov.»

Votering:

Forslaget fra Fremskrittspartiet ble mot 7 stemmer ikke bifalt.

Presidenten: Det voteres så over forslag nr. 2 fra Fremskrittspartiet. Forslaget lyder:

«Med virkning fra og med skoleåret 1997-98 skal elever som gjennomfører et folkehøgskoleår på 33 uker og som underkaster seg et gradert evalueringssystem med karakterer på vitnemålet, få uttelling i form av 2 konkurransepoeng ved opptak til høyere utdanning i tillegg til alderspoeng, under forutsetning av skoledokumentasjon og registrert elevfremmøte på 90 pst.

Elever som ikke underkaster seg gradert evaluering, gis uttelling i form av ett konkurransepoeng ved opptak til høyere utdanning i tillegg til alderspoeng, under forutsetning av skoledokumentasjon og registrert elevfremmøte på 90 pst.»

Votering:

Forslaget fra Fremskrittspartiet ble mot 4 stemmer ikke bifalt.

Komiteen hadde innstillet:

I.

Stortinget ber Regjeringa vidareføre dagens ordning for folkehøgskolen med ei minimumsgrense for tilskott på 35 elevar i gjennomsnitt dei fire siste åra.

II.

Stortinget ber Regjeringa oppretthalde ekstravekting av kortkurs for folkehøgskolen etter noverande ordning.

III.

Med verknad frå skoleåret 1997-98 skal 35 pst.-regelen m.o.t. skolane sine egne lærerkrefter på kortkurs gjelde som snitt på årsbasis og lærarar ved andre nordiske folkehøgskolar bli godkjende på lik line med eigne lærarar.

IV.

Med verknad frå og med skoleåret

1997-98 skal elevar som gjennomfører eit folkehøgskoleår på 33 veker, få uttelling i form av tre konkurransepoeng ved opptak til høgre utdanning i tillegg til alderspoeng, under føresetnad av skoledokumentasjon og registrert elevfremmøte på 90 pst.

Ellen Chr. Christiansen (**uavh**) (fra salen): Vi ønsker å stemme mot IV.

Presidenten: Det voteres da først over I, II og III, og deretter over IV.

Votering:

Komiteens innstilling til I, II og III bifaltes enstemmig.

Komiteens innstilling til IV bifaltes mot 3 stemmer.

Videre var innstillet:

V.

Med verknad frå og med skoleåret 1997-98 skal elevar som vel å ta folkehøgskolen som siste året i eit fireårig løp, ha rett til å utvida minstestipend til dei er 20 år.

Presidenten:

Her har Arbeiderpartiet og Fremskrittspartiet varslet at de ønsker å stemme imot.

Votering:

Komiteens innstilling bifaltes med 57 mot 44 stemmer.)

Videre var innstillet:

VI.

Stortinget ber Regjeringa oppretthalde og vidareføre driftstilskottet i samsvar med § 17 i lov om folkehøgskolar.

VII.

Stortinget ber Regjeringa gjere ein gjennomgang og ei vurdering av bruk av poeng for andre utdanningstilbod m.v. enn folkehøgskolane ved opptak til høgre utdanning. Dette vert å leggje fram som sak for Stortinget.

Votering:

Komiteens innstilling bifaltes enstemmig.

Videre var innstillet:

VIII.

St.meld. nr. 51 (1995-96) – om folkehøgskolen og utdanningssamfunnet – vert lagd ved møteboka.

Votering:

Komiteens innstilling bifaltes enstemmig.

Møtet hevet kl. 14.45.

Plass til notat:

Plass til notat:

